

Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Fylkesutvalssalen i 4. etasje (C44), Fylkeshuset, Sandslihaugen 30, 5254 Bergen
Dato:	16.03.2020
Tid:	10:00

Møteplan:

Kl. 10.00 - 10.30	Dagleg leiar og styreleiar i Grieghallen IKS orienterer om oppfølging av selskapskontroll
Kl. 10.30 - 12.00	Sakshandsaming
Kl. 12.00 - 12.30	Lunsj
Kl. 12.30 - 13.00	Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS - Rogaland revisjon IKS deltek på Video
Kl. 13.00 - 15.00	Prosessmøte 1 - Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
Kl. 15.00 -	Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Roald Breistein, tlf. 975 05 152 eller til Hogne Haktorson, 911 05 982.

Lars Fjeldstad, har meldt forfall til dette møtet og Klaus Iversen skal møte i staden. Til dei andre varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering. Dersom det vert aktuelt at nokon andre varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Møteinnkallinga til dette møtet finn du på denne lenkja:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=104&sourceDatabase=>

På iPad kan møteinnkallinga til dette møtet, og møteprotokollen frå møte 13.02.2020, lastas ned på ePolitiker og lesast i GoodReader.

Dan Femoen
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Fylkesrådmann
Fylkesordførar
Revisor

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20 GK 4/20	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte	2020/1065	
	Politiske saker		
PS 17/20	Oppfølging - Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Selskapet orienterer	2020/36813	
PS 18/20	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2019	2020/42412	
PS 19/20	Selskapskontroll av Skyttel AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2019/76	
PS 20/20	Henvending frå Hardanger AKS	2020/41815	
PS 21/20	Bestilling av forvaltningsrevisjon	2019/42	
PS 22/20	Handlingsplan - Bybanen AS	2020/42823	
PS 23/20	Gjennomgang av møteprotokollar	2019/56	
PS 24/20	Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS - Forslag til prosjektplan	2019/75	
PS 25/20	Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - Prosessmøte 1	2019/42	
PS 26/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte 1	2019/54	
PS 27/20	Eventuelt	2020/37320	
	Referatsaker		
RS 10/20	Invitasjon til fagkonferanse 2020 FKT	2020/777	
RS 11/20	Klagenemnda si avgjerd 17.12.2019 i sak 20)17648	2020/42247	
RS 12/20	Sak frå FUV 14.02.20 - Endringar i selskapsavtale for Trivselshagen IKS - høyringsuttale	2019/54	
RS 13/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon februar 2020	2020/777	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saknr: 2020/1065-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	4/20	16.03.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 13.02.2020 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Grand Hotel Terminus
Dato:	13.02.2020
Tid:	10:00 - 16.15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dan Stian Femoen	Leiar	H
Lars Fjeldstad	Nestleiar	SP
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP
Iiril Kirstine Schau Johansen	Medlem	H
Odd Erik Lind	Medlem	FNB
Jostein Ljones	Medlem	SP
Ingrid Handeland	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Birte Bjørkelo	Partner i Deloitte, t.o.m. sak PS 5/20
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor i Deloitte, t.o.m. sak PS 5/20
Hogne Haktorson	Kontrollsjef i Vestland fylkeskommune
Einar Ulla	Seniorrådgjevar i sekretariat for KUV i Vestland fylkeskommune
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for KUV i Vestland fylkeskommune

Dan Femoen
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift. ikke underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/20	Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 18.11.2019	2020/1065	
Politiske saker			
PS 1/20	Selskapskontroll av Ferde AS - Revisjonsrapport	2019/75	
PS 2/20	Selskapskontroll av Skyttel AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2019/76	
PS 3/20	Evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger	2020/776	
PS 4/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Forslag til prosjektplan	2019/42	
PS 5/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Forslag til prosjektplan	2019/54	
PS 6/20	Årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune	2020/37302	
PS 7/20	Årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune	2020/37302	
PS 8/20	Status i høve nytt personvernombod og personevrenrådgjevar	2020/858	
PS 9/20	Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvala i HFK og SFFK i valperioden 2015 - 2019	2019/52	
PS 10/20	Medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn	2020/777	
PS 11/20	Kurs i regi av Deloitte 2020	2020/34856	
PS 12/20	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon Bybanen utbygging	2020/37649	
PS 13/20	Oppfølging - Selskapskontroll av Grieghallen IKS	2020/36813	
PS 14/20	Gjennomgang av møteprotokollar	2019/56	
PS 15/20	Eventuelt	2020/37320	
PS 16/20	Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS	2019/75	
Referatsaker			
RS 1/20	Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune i 2019	2019/52	
RS 2/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon desember 2019	2020/777	
RS 3/20	Sak frå TING 17.12.19 om eigarskapsmelding	2019/54	
RS 4/20	Sak frå FUV 03.12.19 om arbeidsreglement	2019/63	
RS 5/20	Sak frå FUV 03.12.19 om permisjonsreglement	2019/63	
RS 6/20	Sak frå FUV 03.12.19 om tilsetjingsreglement	2019/63	
RS 7/20	Sak frå FUV 03.12.19 om etiske retningsliner	2019/63	
RS 8/20	Invitasjon til Forum for Kontroll og Tilsyns kontrollutvalgslederskole 2020 21.-22. april	2020/777	
RS 9/20	Invitasjon til fagkonferanse 2020 FKT	2020/777	
Politiske saker			

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 2/20 Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 18.11.2019

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 18.11.2019 vart samrøystes vedteken.

Politiske saker

PS 1/20 Selskapskontroll av Ferde AS - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at **eigarane** syter for å:

1. Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS
3. Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte
4. Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)
5. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be **styret** syta for at selskapet:

1. Fullfører arbeidet med å utarbeide nye arbeidsavtalar for alle tilsette
2. Utarbeider rutinar for bruk av bierverv og for å dokumentere godkjenning av bierverv
3. Retter opp i dei identifiserte manglane i personvernerklæringa
4. Sikrer at protokollen over behandlingar av personopplysningar blir haldt á jour og er komplett
5. Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderingar for behandling av personopplysningar, sikre at desse blir gjennomført før behandlinga finn stad, og at dei femner om alle relevante risikoar
6. Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:
 - a) Fullføre revideringa av fullmaktsmatrisa, og sikre at denne er eintydig, utfyllande og i samsvar med andre rutinar og retningslinjer, samt inkluderer kjøp under kr. 100 000
 - b) Halde fram med det pågåande forbetningsarbeidet knytt til styring og kontroll på økonomiområde, inkludert med omsyn til å dokumentere rutinar og prosessar, og med å klargjere ansvar og rollar.
 - c) Sikre at det er samsvar mellom rutinar og praksis knytt til godkjenning av fakturaer

- d) Utarbeide retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette
- 7. Fullfører etableringa av system og rutinar for gjennomføring av anskaffingar, og sikre at desse blir gjort i samsvar med krav i regelverket, og under dette:
 - a) Konkurranseseksjonane anskaffingar i samsvar med krav i regelverket
 - b) Dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket
- 8. Etablerer rutine for å dokumentere relasjonar mellom nærstående og eventuelle transaksjonar mellom desse
- 9. Sikrer at rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i høve innkjøp er utfyllande
- 10. Gjennomfører planlagt opplæring av tilsette som gjer innkjøp
- 11. Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Birte Bjørkelo, og forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte resultatet av den gjennomførte selskapskontrollen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får høve til å gje ein presentasjon på 45 minuttar i fylkestinget 03. - 04.03.2020.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at **eigarane** syter for å:

1. Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS
3. Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte
4. Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)
5. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be **styret** syta for at selskapet:

1. Fullfører arbeidet med å utarbeide nye arbeidsavtalar for alle tilsette
2. Utarbeider rutinar for bruk av bierverv og for å dokumentere godkjenning av bierverv
3. Retter opp i dei identifiserte manglane i personvernerklæringa
4. Sikrer at protokollen over behandlingar av personopplysningar blir haldt á jour og er komplett
5. Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderingar for behandling av personopplysningar, sikre at desse blir gjennomført før behandlinga finn stad, og at dei femner om alle relevante risikoar
6. Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:
 - a) Fullføre revideringa av fullmaktsmatrisa, og sikre at denne er eintydig, utfyllande og i samsvar med andre rutinar og retningslinjer, samt inkluderer kjøp under kr. 100 000
 - b) Halde fram med det pågåande forbetringsarbeidet knytt til styring og kontroll på økonomiområde, inkludert med omsyn til å dokumentere rutinar og prosessar, og med å klargjere ansvar og rollar.
 - c) Sikre at det er samsvar mellom rutinar og praksis knytt til godkjenning av fakturaer
 - d) Utarbeide retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette

7. Fullfører etableringa av system og rutinar for gjennomføring av anskaffingar, og sikre at desse blir gjort i samsvar med krav i regelverket, og under dette:
 - a) Konkurranseseksjonane anskaffingar i samsvar med krav i regelverket
 - b) Dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket
8. Etablerer rutine for å dokumentere relasjonar mellom nærstående og eventuelle transaksjonar mellom desse
9. Sikrer at rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i høve innkjøp er utfyllande
10. Gjennomfører planlagt opplæring av tilsette som gjer innkjøp
11. Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 2/20 Selskapskontroll av Skyttel AS - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Birte Bjørkelo, og forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte status i høve arbeidet med selskapskontroll av Skyttel AS.

Det kom fram at Deloitte ser behov for å justere noko på nokre av problemstillingane i prosjektplanen samt tidspunkt for levering av revisjonsrapporten. Det er ei målsetting at revisjonsrapporten skal handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 og i fylkestinget i 09.06.2020.

Forslag til revidert prosjektplan skal leverast til sekretariatet innan 24.02.2020 og kontrollutvalet gjev leiar i kontrollutvalet i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne redigert prosjektplan.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. På bakgrunn av det som kom fram i møtet ber kontrollutvalet Deloitte om å levere ein redigert prosjektplan til sekretariatet innan 24.02.2020.
2. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne den redigerte prosjektplanen.
3. Det er ei målsetting at revisjonsrapporten skal handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 og i fylkestinget i 09.06.2020.

PS 3/20 Evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg og munnleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av punkt 2 som gjeld gråsteinsmuren, til møte i utvalet 08.06.2020.
2. Den skriftlege rapporteringa vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.
3. Etter ei totalvurdering, seier kontrollutvalet seg samd med fylkesrådmannen i at det er svært vanskeleg for Vestland fylkeskommune å svare meir detaljert på dei andre punkta. Kontrollutvalet seier seg difor ferdig med den delen av saka.
4. Kontrollutvalet gjer merksam på at ei formell klage på prosjektet ikkje vil verta handsama av utvalet, då kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Lars Fjeldstad, som er ordførar i Osterøy kommune, ba om å få sin habilitet vurdert. Kontrollutvalet vart samrøystes einige om at han er habil i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg og munnleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av punkt 2 som gjeld gråsteinsmuren, til møte i utvalet 08.06.2020.
2. Den skriftlege rapporteringa vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.
3. Etter ei totalvurdering, seier kontrollutvalet seg samd med fylkesrådmannen i at det er svært vanskeleg for Vestland fylkeskommune å svare meir detaljert på dei andre punkta. Kontrollutvalet seier seg difor ferdig med den delen av saka.
4. Kontrollutvalet gjer merksam på at ei formell klage på prosjektet ikkje vil verta handsama av utvalet, då kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan.

PS 4/20 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vestland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 08.06.2020.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggest fram for fylkestinget 29.09.2020.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Birte Bjørkelo, og forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, gjorde greie for korleis dei vil gjennomføre arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar som skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og svarte spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosessmøte 1 vert lagt til 16.03.2020.

Med denne endringa i punkt 3 vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vestland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 16.03.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 08.06.2020.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggest fram for fylkestinget 29.09.2020.

PS 5/20 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vestland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 08.06.2020.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 - 2024 skal leggest fram for fylkestinget 29.09.2020.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Birte Bjørkelo, og forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, gjorde greie for korleis dei vil gjennomføre arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar som skal ligge til grunn for plan for eigarskapskontroll og svarte spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosessmøte 1 vert lagt til 16.03.2020.

Med denne endringa i punkt 3 vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vestland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 16.03.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 08.06.2020.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 - 2024 skal leggast fram for fylkestinget 29.09.2020.

PS 6/20 Årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune godkjenner årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune godkjenner årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

PS 7/20 Årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune godkjenner årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune godkjenner årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

PS 8/20 Status i høve nytt personvernombod og personvernrådgevar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.

2. Kontrollutvalet ber om at det nye personvernombodet og den nye personvernrådsgjevaren deltar når fylkesrådmannen skal gje ny munnleg orientering om status i arbeidet med innføring av ny personvernlov (GDPR) i møte i kontrollutvalet 08.06.2020.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at det nye personvernombodet og den nye personvernrådsgjevaren deltar når fylkesrådmannen skal gje ny munnleg orientering om status i arbeidet med innføring av ny personvernlov (GDPR) i møte i kontrollutvalet 08.06.2020.

PS 9/20 Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvala i HFK og SFFK i valperioden 2015 - 2019

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i førre periode.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Tidlegare leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Frank Willy Djuvik, og tidlegare leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, Inge Reidar Kallevåg, skulle vore til stades i møtet for å gjera greie for evalueringa som var gjennomført og svare på spørsmål fra kontrollutvalet. Dei fekk diverre ikkje tid til dette.

Kontrollutvalet ønskjer i staden å invitere dei til møte i kontrollutvalet 11.05.2020 for å orientere om sine erfaringar som leiarar i kontrollutvala.

Forslag til vedtak inkludert tilleggspunkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i førre periode.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet syta for at tidlegare leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Frank Willy Djuvik, og tidlegare leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, Inge Reidar Kallevåg, vert invitere til møte i utvalet 11.05.2020 for å orientere om sine erfaringar som leiarar i kontrollutvalet.

PS 10/20 Medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber sekretariatet melde Vestland fylkeskommune inn i Forum for Kontroll og Tilsyn - FKT

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet melde Vestland fylkeskommune inn i Forum for Kontroll og Tilsyn - FKT

PS 11/20 Kurs i regi av Deloitte 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innen 01.06.2020
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innen 01.10.2020
3. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet tar opp med fylkesordfører / fylkesrådmann om dei ønskjer å nytte noko av kurskvoten.
4. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunningjering og avvikling av kursa.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Kontrollutvalet vart samde om å tilby kurskvoten for første halvår 2020, 2 x 2 timar, til fylkesordfører / fylkesrådmann som dei kan bruke t.d. til kurs i «Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning».

Vidare vart kontrollutvalet samde om at dei ønskjer at Deloitte gjennomfører kurs i «Offentlege innkjøp» i samband med møte i kontrollutvalet 12.10.2020 og kurs i «EØS-regelverket innan offentlig støtte» for kontrollutvalet i samband med møte 25.11.2020.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innen «Offentlege innkjøp» i samband med møte i kontrollutvalet 12.10.2020.
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innen «EØS-regelverket for offentlig støtte» i samband med møte i utvalet 25.11.2020.
3. Kontrollutvalet tilbyr kurskvoten for første halvår 2020, 2 x 2 timar, til fylkesordfører / fylkesrådmann som dei kan bruke t.d. til kurs i «Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning».
4. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunningjering og avvikling av kursa.

PS 12/20 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon Bybanen utbygging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av forvaltningsrevisjon internkontroll i Bybanen utbygging til møte i utvalet 08.06.2020.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av forvaltningsrevisjon internkontroll i Bybanen utbygging til møte i utvalet 08.06.2020.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.

PS 13/20 Oppfølging - Selskapskontroll av Grieghallen IKS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber om at **dagleg leiar i Grieghallen IKS** møter i utvalet 16.03.2020 for gjera greie for kvifor det ikkje er komme utfyllande svar på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen som ble vedteken i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til at det er føremålstenleg at vidare oppfølging av den delen av selskapskontrollen som gjeld **fylkesordførar** sitt ansvar vert teken med i arbeidet i valnemnda vinter/vår 2020.
3. Tilbakemelding frå **fylkesordførar** på desse tre punkta vert å levere sekretariatet slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020:

Følgje opp KS og Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:

- a) grunngjeving av val av styremedlemmar.
- b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
- c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber om at **dagleg leiar i Grieghallen IKS** møter i utvalet 16.03.2020 for gjera greie for kvifor det ikkje er komme utfyllande svar på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen som ble vedteken i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til at det er føremålstenleg at vidare oppfølging av den delen av selskapskontrollen som gjeld **fylkesordførar** sitt ansvar vert teken med i arbeidet i valnemnda vinter/vår 2020.
3. Tilbakemelding frå **fylkesordførar** på desse tre punkta vert å levere sekretariatet slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020:

Følgje opp KS og Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:

- a) grunngjeving av val av styremedlemmar.
- b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
- c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.

PS 14/20 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- | | |
|---|----------------------------------|
| • Fylkestinget | 17. - 18.12.2019 |
| • Fylkesutvalet | 13.11. og 03.12.2019 og 30.01.20 |
| • Finansutvalet | 24.10. og 13.11.2019 |
| • Hovudutval for opplæring og kompetanse | 28.11. og 02.12.2019 og 14.01.20 |
| • Hovudutval for samferdsel og mobilitet | 02.12.2019 og 15.01.2020 |
| • Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon | 02.12.2019 og 16.01.2020 |

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 15/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Jostein Ljones orienterte om brev han som medlem i heradsstyret i Kvam herad har motteke frå Hardanger AKS om utfordringar i selskapet. Brevet har tittelen «Hardanger AKS i ei positiv utvikling men bryt med lovpålagte krav». Hordaland fylkeskommune og Kvam herad gjennomførte ein selskapskontroll av dette selskapet i 2016.

Brevet vert send til sekretariatet og kontrollutvalet ber sekretariatet førebu ei sak til neste møte med tanke på om det som kjem fram i brevet kan vera grunnlag for å vurdere om det bør gjennomførast ny kontroll i selskapet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte.
2. kontrollutvalet ber sekretariatet førebu ei sak til neste møte med tanke på om det som kjem fram i brevet frå Hardanger AKS kan vera grunnlag for å vurdere om det bør gjennomførast ny kontroll i selskapet.

Referatsaker

RS 1/20 Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune i 2019

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 2/20 Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon desember 2019

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 3/20 Sak frå TING 17.12.19 om eigarskapsmelding

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 4/20 Sak frå FUV 03.12.19 om arbeidsreglement

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 5/20 Sak frå FUV 03.12.19 om permisjonsreglement

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 6/20 Sak frå FUV 03.12.19 om tilsetjingsreglement

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 7/20 Sak frå FUV 03.12.19 om etiske retningslinjer

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 8/20 Invitasjon til Forum for Kontroll og Tilsyns kontrollutvalgslederskole 2020 21.-22. april

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, ønskjer å delta på «Kontrollutvalgslederskolen» 21. - 22.04.2020 i regi av Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Sekretariatet syter for at han vert meld på og ordner med transport.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Sekretariatet melder Dan Femoen på «Kontrollutvalgslederskolen» 21. - 22.04.2020 i regi av Forum for Kontroll og Tilsyn FKT

RS 9/20 Invitasjon til fagkonferanse 2020 FKT

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Invitasjonen vert lagt inn som referatsak til neste møte og vedtak om kven som skal delta vert å komme tilbake til.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Invitasjonen vert lagt inn som referatsak til neste møte og vedtak om kven som skal delta vert å komme tilbake til.

Politiske saker

PS 16/20 Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS

Forslag til vedtak

Det var ikkje lagt fram forslag til vedtak i saka.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

I samband med handsaming av sak PS 1/20 «Selskapskontroll av Ferde AS - Revisjonsrapport» i møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 13.02.2020 vart det semje om å få gjennomført ei tilleggsbestilling som skal omfatte desse to punkta:

- Gjennomgang av transaksjoner mellom nærstående
- Gjennomgang av transaksjoner gjort i samband med forhandlingane ved etableringa av Ferde, t.d. faktura for utviklingstenester mv. for Sesam Sesam

Det vart også semje om å ikkje bruke Deloitte eller revisjonsselskap som har vore involvert i prosessen med etablering av Ferde AS til dette arbeidet. Rogaland revisjon, som er Rogaland fylkeskommune sin revisor, kan vera ein aktuell aktør å spørje.

Kontrollutvalet ønskjer vidare primært at tilleggsbestillinga skal gjennomførast i samarbeid med kontrollutvala i både Rogaland fylkeskommune og Agder fylkeskommune.

Det er ei målsetting å legge fram forslag til prosjektplan for dette arbeidet i neste møte i kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at det vert gjennomført tilleggsbestilling til selskapskontroll av Ferde AS i tråd med det som går fram over.
2. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å bruke Deloitte eller andre revisjonsselskap som har vore involvert i prosessen med etablering av Ferde AS til dette arbeidet. Rogaland revisjon kan vera ein aktuell aktør å spørje.
3. Revisor vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
4. Det er ei målsetting at forslag til prosjektplan skal godkjennes i neste møte i kontrollutvalet.
5. Det er primært ønskjeleg at tilleggsbestillinga vert gjennomført i samarbeid med kontrollutvala i både Rogaland fylkeskommune og Agder fylkeskommune.

Politiske saker

PS 17/20 Oppfølging - Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Selskapet orienterer

Saknr: 2020/36813-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet	17/20	16.03.2020

Oppfølging - Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Selskapet orienterer

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har merka seg at Grieghallen IKS ikkje har følgd opp selskapskontroll av selskapet i tråd med vedtaket i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 på ein tilfredsstillande måte og på ein måte som ivaretek krava i IKS-loven.
2. Kontrollutvalet ber om at Grieghallen IKS kjem med utfyllande svar, og dokumentasjon på kva som er/vil verta gjennomført på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen, slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020.
 1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntomsel. § 8 og selskapsavtalen.
 2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. § 20 og selskapsavtalen
 3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
 4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
 5. Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
 6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
 7. Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
 8. Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.
 9. Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.
3. Tilbakemelding vert å sende sekretariatet seinast innan 20.04.2020.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si fjerde oppfølging av vedtak gjort i fylkestinget 12.12.2018 når det gjeld selskapskontroll av Grieghallen IKS.

Hogne Haktorsen
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Svar fra Grieghallen IKS pr. 04.03.2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 107/2018 i møte 12.12.2018:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS ber fylkestinget fylkesordføreren syta for å:

1. *Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:*
 - a) *grunningjeving av val av styremedlemmar.*
 - b) *rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.*
 - c) *registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.*
2. *Sikre at talet på styremedlemmar er i samsvar med inntomsel. § 4.*
3. *Oppdatere selskapsavtalen og sørge for at praksis er i samsvar med avtalen (mellom anna når det gjeld formulering om varamedlemmar, kva endringar som skal handsamast i fylkesting og bystyre, og val av styreleiar).*
4. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.06.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

På bakgrunn av selskapskontroll av Grieghallen IKS ber fylkestinget styret syta for å:

1. *Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntomsel. § 8 og selskapsavtalen.*
2. *Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. § 20 og selskapsavtalen*
3. *Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.*
4. *Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
5. *Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
6. *Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.*
7. *Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.*
8. *Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.*
9. *Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.*
10. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Fylkesvaraordfører i Hordaland fylkeskommune la på bakgrunn av vedtaka over fram sak for fylkestinget i Hordaland i sak PS 9/19 Oppfølging av Fylkestinget sitt vedtak i sak PS 107/18 - Selskapskontroll av Grieghallen IKS i møte 05.03.2019, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Fylkestinget syner til tilbakemeldinga på dei enkelte vedtektpunkta frå sak 107/18, og tek oppfølginga til vitande.*
2. *Fylkestinget godkjenner at selskapsavtalen vert endra på følgjande 2 punkt*
 - a) *Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 6 endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:
"Styret har tre medlemmer. Styret velges for 4 år. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende"*
 - b) *Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 5, siste ledd endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:
"Representantskapet skal:
Velge styrets medlemmer, herunder velge styrets leder og nestleder

Vedta budsjett, økonomiplan og godkjenne regnskap

Velge revisor

Fastsette godtgjørelse til representantskapets leder, styrets leder, og til begge organers faste medlemmer"*

3. Kontrollutvalet følger selskapskontrollen vidare opp.

Saka frå fylkesvaraordførar inneheld også svar frå styret i Grieghallen IKS på dei punkta dei skulle følgje opp.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama handlingsplan etter selskapskontroll av Grieghallen IKS i møte 01.04.2019 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret har starta opp i samband med selskapskontroll av Grieghallen IKS.*
2. *På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet **styret i Grieghallen IKS** om å komme med ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 07.10.2019.*
3. *På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet **fylkesordførar** om å komme med ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1 og 2b innan 07.10.2019.*

Det vart ikkje motteke utfyllande svar på denne selskapskontrollen innan fristen som var sett til 07.10.2019, verken frå Grieghallen IKS eller fylkesordførar, på tross av fleire purringar.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama difor saka om selskapskontroll av Grieghallen IKS på nytt i møte 25.11.2019 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ber om at Grieghallen IKS kjem med skriftleg tilbakemelding på desse 9 punkta som vart vedteke av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.01.2020.*
 1. *Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntomsel. § 8 og selskapsavtalen.*
 2. *Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. § 20 og selskapsavtalen*
 3. *Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.*
 4. *Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
 5. *Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
 6. *Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.*
 7. *Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.*
 8. *Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskapet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomte.*
 9. *Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.*
2. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmoder fylkesordførar i Vestland fylkeskommune om å komme med tilbakemelding på desse punkt som vart vedteke av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.01.2020.*
 1. *Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:*
 - a) *grunngjeving av val av styremedlemmar.*
 - b) *rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.*
 - c) *registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.*

I saksframstilling til møte i kontrollutvalet 13.02.2020 gjekk m.a. dette fram:

Oppfølging frå Grieghallen IKS:

Det er heller ikkje denne gongen motteke svar frå Grieghallen IKS på selskapskontrollen innan ny frist som var sett til 20.01.2020, på tross av purring.

Oppfølging frå fylkesordførar:

Sekretariatet har motteke slikt svar frå fylkesordførar i e-post 02.02.2020:

«Etter samtale med Roald, så er det mi tilråding at oppfølginga av selskapskontrollen av Grieghallen IKS vert teken med i arbeidet i valnemnda.»

Slik sekretariatet ser det vil det vera føremålstenleg at vidare oppfølging av den delen av selskapskontrollen som gjeld fylkesordførar sitt ansvar vert teken med i arbeidet i valnemnda.

Tilbakemelding på desse tre punkta vert å levere sekretariatet slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020:

Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:

- a) *grunngeving av val av styremedlemmar.*
- b) *rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.*
- c) *registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.*

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i møte 13.02.2020:

1. *Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber om at **dagleg leiar i Grieghallen IKS** møter i utvalet 16.03.2020 for gjera greie for kvifor det ikkje er komme utfyllande svar på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen som blei vedteken i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018.*
2. *Kontrollutvalet sluttar seg til at det er føremålstenleg at vidare oppfølging av den delen av selskapskontrollen som gjeld **fylkesordførar** sitt ansvar vert teken med i arbeidet i valnemnda vinter/vår 2020.*
3. *Tilbakemelding frå **fylkesordførar** på desse tre punkta vert å levere sekretariatet slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020:*

Følgje opp KS og Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:

- a) *grunngeving av val av styremedlemmar.*
- b) *rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.*
- c) *registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e som lyd slik:

«vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Vurderingar og verknader

Det er den delen frå møte i kontrollutvalet 13.02.2020 som gjeld vedtaket for dagleg leiar i Grieghallen IKS som skal følgjast opp i dette møtet.

Styret i Grieghallen IKS og dagleg leiar inviterte sekretariatet til eit møte om saka 21.02.2020. Leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, deltok saman med sekretariatet i dette møtet.

Sekretariatet har også motteke vedlagte dokumentasjon 04.03.2020 som svar på oppfølginga av dei 9 punkta. Sekretariatet registrerer at tilbakemeldinga i liten grad svarer opp og dokumenterer kva som er gjort/vil verta gjort i høve vedtaket som er gjort av Hordaland fylkesting. I denne vurderinga er det viktig å minne om at Grieghallen IKS er underlagt Lov om interkommunale selskaper (IKS-loven) sjølv om selskapet berre har to eigarrepresentantar.

Det er i tillegg avtalt at dagleg leiar i Grieghallen IKS, Jan Otto Evjen, og styreleiar i Grieghallen IKS, Knut Sundt Rosenlund, kjem i møtet for å orientere om tilbakemeldinga på oppfølginga av denne selskapskontrollen.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet gjev uttrykk for at dei har merka seg at Grieghallen IKS ikkje har følgd opp selskapskontroll av selskapet i tråd med vedtaket i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 på ein tilfredsstillande måte og som ivaretek krava i IKS-loven.

Det vert difor tilrådd at kontrollutvalet ber om å få tilsend utfyllande svar, og dokumentasjon på kva som er/vil verta gjennomført på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen, slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020.

Den munnlege orienteringa frå selskapet må også takast med i vurderinga når det gjeld tilrådingane.

Tilbakemelding til kontrollutvalget.

Svar på de ni punktene som kom fram i selskapskontrollen

1 Sende innkalling til representantskapet i samsvar med inntomsel. §8 og selskapsavtalen.

Innkalling er sendt i henhold til §7 i IKS-loven, der siste setning lyder:

Representantskapets leder kan innkalle representantskapet med kortere frist i tilfeller hvor dette er påtrengende nødvendig.

Vårt representantskap består kun av fylkesordfører og byrådsleder. For å sikre at man er beslutningsdyktig, er det derfor avgjørende at de begge kan møte. Den eneste måten dette kan gjennomføres på, er derfor i forkant å finne frem til mulige datoer der dette kan skje, for deretter å sende/bekreftede innkalling.

2 Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. §20 og selskapsavtalen.

Selskapet er stiftet med basis i følgende dokumentasjon; Byråds sak 89/13-2 som over 13 sider gir en detaljert beskrivelse av fornyelsesprosjektet. Her angis investeringens størrelse, hvorledes det skal finansieres, hvem som skal belastes for renter og avdrag og med hvor meget, selskapets driftskostnader og hvem som skal betjene disse. Når lånenes avdragstid er bestemt, kan man derfor på dette grunnlag utarbeide et detaljert budsjett som gjelder frem til siste avdrag (2044) og som kun skal oppdateres ved renteendringer og justeringer i selskapets driftskostnader. Økonomiplan for årene 2020 til 2044 i tall følger vedlagt sammen med Byråds sak 89/13-2

3 Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel. §18 og forskrift om budsjett, rekneskap mm for IKS §4

Selskapets regnskap foreligger normalt i månedsskiftet januar/februar og har deretter vært styrebehandlet ved første anledning hvor styret har vært beslutningsdyktig. For regnskapsåret 2019 skjedde det 21. februar hvoretter det ble oversendt revisor. Vi vil tilstrebe å se til at revisor ferdigstiller innen 15. mars.

Resultatregnskap og balanse for regnskapsåret 2019 følger vedlagt.

4 Formalisere rolla som arbeidende styreleiar og kva oppgaver som ligg til denne rolla.

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal gjera greie for status i arbeidet med den pågåande selskapskontrollen av Skyttel AS

Hogne Haktorson
Kontrollsjeff

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Revidert prosjektplan - selskapskontroll av Skyttel

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune og kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune bestilte i møte 02.09.2019 ein felles selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS. Kontrollutvala i fylkeskommunane Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder vart invitert til å delta i selskapskontrollen. Rogaland har takka ja til dette medan Aust-Agder og Vest-Agder har takka nei.

På bakgrunn av informasjon som kom fram i media på slutten av 2019, vedtok leiarane i kontrollutvala, i samråd med sekretariatet, at selskapskontrollen skal justerast og den skulle delast opp i to, ein for Ferde AS og ein for Skyttel AS.

Det betyr at det frå 01.01.2020 er kontrollutvala i Vestland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune som eig bestillinga for selskapskontroll av Skyttel AS.

I møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 13.02.2020 vart det gjort slikt vedtak:

1. På bakgrunn av det som kom fram i møtet ber kontrollutvalet Deloitte om å levere ein redigert prosjektplan til sekretariatet innan 24.02.2020.
2. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne den redigerte prosjektplanen.
3. Det er ei målsetting at revisjonsrapporten skal handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 og i fylkestinget i 09.06.2020.

Redigert prosjektplan (vedlegg) for selskapskontroll av Skyttel AS i tråd med punkt 2 over vart godkjent i e-post til Deloitte 26.02.2020 og har slikt føremål:

«Føremålet med selskapskontrollen vil vere å undersøkje om organiseringa av og aktivitetane i Skyttel AS er i samsvar med føremålet til selskapet, om eigarane har hatt ei tilfredsstillande oppfølging av selskapet, og vidare å undersøkje om bruk av midlar er i samsvar med eigarane sine føringar.»

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har eigarfylkeskommunane etablert ei tilfredsstillande eigaroppfølging av selskapet?
 - a. Er det etablert tydelege mål for Skyttel AS?
 - b. Har eigarane følgt opp selskapet i samsvar med KS sine retningslinjer?
 - c. Gjennomfører eigarane kontroll med selskapet sine kostnader og bruk av midlar?
2. I kva grad er selskapet organisert slik at det kan ivareta føremålet og oppgåvene til selskapet?
3. Har selskapet gjort naudsynte tiltak for å sikre at personopplysningar blir handsama i samsvar med krav i regelverket?
 - a. Har selskapet gjort tilstrekkelege risikovurderingar?
 - b. Har selskapet databehandlaravtalar med alle leverandørar som handsamar person-opplysningar på vegner av selskapet?
 - c. Har selskapet nytta lovlege overføringsmekanismar i samband med ev. utføring av person-opplysningar frå EØS?
4. Er ressursbruken i Skyttel AS i samsvar med og eigna til å understøtte føremålet til selskapet?
 - a. I kva grad er det etablert ein tydeleg ansvars- og rolledeling intern i selskapet med omsyn til økonomiske fullmakter?
 - b. I kva grad er det etablert rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i selskapet?

- c. *Har bruken av midlar i selskapet vore i samsvar eigarane sine føringar sidan oppstart og fram til 31. desember 2019. Det vi vil sjå på er:*
- i. *Er kostnadsnivået for utvalde aktivitetar og postar som seminar, reise, løn mm., rimelege for eit offentleg eigd selskap?*
 - ii. *I kva grad er det etablert rutinar for å sikre effektive innkjøp og blir desse følgt i praksis?*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre selskapskontrollar medan det er fylkestinget som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-5.

Vurderingar og verknader

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet. Dei vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Selskapskontroll | Vestland og Rogaland fylkeskommunar

Selskapskontroll av Skyttel AS

Revidert prosjektplan/engagement letter

Februar 2020

«Selskapskontroll av Skyttel AS -
prosjektplan»

Februar 2020

Revidert prosjektplan utarbeidd for
Vestland og Rogaland
fylkeskommunar av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1.	Føremål og problemstillingar	4
2.	Kontrollkriterium	5
3.	Metode	9
4.	Tid og ressursbruk	10

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvala i fylkeskommunane Vestland og Rogaland i møte høvesvis 13. og 20. februar 2020 revidert prosjektplan for selskapskontroll av Skyttel AS.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med selskapskontrollen vil vere å undersøkje om organiseringa av og aktivitetane i Skyttel AS er i samsvar med føremålet til selskapet, om eigarane har hatt ei tilfredsstillande oppfølging av selskapet, og vidare å undersøkje om bruk av midlar er i samsvar med eigarane sine føringar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har eigarfylkeskommunane etablert ei tilfredsstillande eigaroppfølging av selskapet?
 - a. Er det etablert tydelege mål for Skyttel AS?
 - b. Har eigarane følgd opp selskapet i samsvar med KS sine retningslinjer?
 - c. Gjennomfører eigarane kontroll med selskapet sine kostnader og bruk av midlar?
2. I kva grad er selskapet organisert slik at det kan ivareta føremålet og oppgåvene til selskapet?
3. Har selskapet gjort naudsynte tiltak for å sikre at personopplysningar blir handsama i samsvar med krav i regelverket?
 - a. Har selskapet gjort tilstrekkelege risikovurderingar?
 - b. Har selskapet databehandlaravtalar med alle leverandørar som handsamar personopplysningar på vegner av selskapet?
 - c. Har selskapet nytta lovlege overføringsmekanismer i samband med ev. utføring av personopplysningar frå EØS?
4. Er ressursbruken i Skyttel AS i samsvar med og eigna til å understøtte føremålet til selskapet?
 - a. I kva grad er det etablert ein tydeleg ansvars- og rolledelinga internt i selskapet med omsyn til økonomiske fullmakter?
 - b. I kva grad er det etablert rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i selskapet?
 - c. Har bruken av midlar i selskapet vore i samsvar eigarane sine føringar sidan oppstart og fram til 31. desember 2019. Det vi vil sjå på er:
 - i. Er kostnadsnivået for utvalde aktivitetar og postar som seminar, reise, løn mm., rimelege for eit offentleg eigd selskap?
 - ii. I kva grad er det etablert rutinar for å sikre effektive innkjøp og blir desse følgd i praksis?

1.3 Uavhengigheit

Deloitte er rekneskapsrevisor for selskapet som skal kontrollerast. Basert på ei juridisk vurdering utført av Lic. Jur. Oddvar Overå i 2010 blir det konkludert med at ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon/selskapskontroll i selskap som ein er rekneskapsrevisor for. I utgreiinga skil Overå mellom selskap som fullt ut - direkte eller indirekte - er eigd av kommunar og/eller fylkeskommunar, og selskap der også staten og/eller private er eigarar. Når det gjeld selskap som er fullt ut fylkeskommunalt/kommunalt eigd konkluderer Overå med «at det ikke kan være noe i vegen for at kommunens revisor kan gis i oppdrag å utføre selskapskontroll selv om vedkommende også er valgt revisor for det aktuelle selskapet.» Dette er ein konklusjon også Norges kommunerevisorforbund (NKRF) viser til.

Deloitte har i tillegg gjennomført konfliktsjekk og vurdering av eigen uavhengigheit, og har ikkje funne grunn til å ikkje gjennomføre selskapskontrollen med dei problemstillingane som går fram av denne prosjektplanen. Om det kjem fram nye opplysningar som gjer at selskapskontrollen blir vurdert å kome i konflikt med rekneskapsrevisjonsoppdraget, vil uavhengigheita til Deloitte bli vurdert på nytt.

2. Kontrollkriterium

2.1 Innleiing

Kontrollkriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Kontrollkriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i selskapskontrollen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.


2.2 Internkontroll

2.2.1 COSO

COSO er eit anerkjent rammeverk for internkontroll. COSO definerer internkontroll som ein kontinuerleg prosess, utført av styre, leiing og andre tilsette i ei verksemd for å gi rimeleg tryggleik for at ein når mål knytt til: målretta, effektiv og føremålstenleg drift; påliteleg intern og ekstern rapportering; og etterleving av lovar, reglar og interne retningslinjer. Rammeverket omfattar fem hovudelement: kontrollmiljø, risikovurderingar, kontrollaktivitetar, informasjon og kommunikasjon, og oppfølging frå leiinga.

Komponentane er gjensidig avhengige av kvarandre, og likeverdige deler av eit internkontrollsystem. COSO-modellen kan illustrerast slik:

Figur 1: Illustrasjon av COSO-modellen.



I COSO sitt rammeverk går det frem at mål på sektorovergripande nivå er ein føresetnad for internkontroll. Leiarar og tilsette organisasjonen må ha ei forståing for dei overordna strategiane og måla i organisasjonen, og ein del av internkontrollarbeidet er å spesifisere målbare, oppnåelige, relevante og tidfesta mål som organisasjonen skal jobbe etter. Desse overordna måla skal operasjonaliserast til dei underliggende einingane i organisasjonen.

Kontrollmiljø

For å sikre ein god internkontroll er det, ifølgje COSO-modellen, viktig å utvikle eit godt kontrollmiljø. Kontrollmiljøet er dei standardane, prosessane og strukturane som danner basis for organisasjonen sitt internkontrollarbeid. Det er fleire viktige prinsipp for eit godt kontrollmiljø, mellom anna:

- at organisasjonen viser at dei er opptatt av integritet og etiske verdiar
- at leiinga, med utgangspunkt i organisasjonen sine mål, etablerer strukturar, rapporteringsvegar og eigna fullmakts- og ansvarstilhøve.

- at organisasjonen forpliktar seg til å tiltrekke seg, utvikle og behalde kompetanse som samsvarer med organisasjonens mål.

Kommunikasjon og informasjon

For å etablere god internkontroll er det i følge COSO-modellen viktig med effektiv og tidsriktig informasjon og kommunikasjon, både horisontalt og vertikalt i organisasjonen. Dette krev føremålstenlege møte- og rapporteringspunkt, og system som sikrar at vesentleg informasjon blir kommunisert til rett nivå.

Risikovurderingar

Risikovurderingar er eit sentralt element både i rammeverket for internkontroll i COSO, og dei sektor-spesifikke og tenestepesifikke krava til internkontroll.

Gjennom risikovurderingar gjer ein systematisk gjennomgang av tenestene for å finne fram til aktivitetar eller prosessar kor det til dømes er fare for manglande måloppnåing, manglande etterleving av regelverk / rutinar, mangelfull rapportering eller utilfredsstillande kvalitet i tenestene.

Kontrollaktiviteter

Kontrollaktivitetar er dei retningsliner, aktivitetar og rutinar som blir sett i verk i den daglege drifta for å sikre at organisasjonen når måla sine. Eit prinsipp som blir lagt til grunn er at leiinga skal etablere rutinar og retningsliner som inngår som ein del av den daglege drifta i organisasjonen. Slike rutinar skal gjere det klart kva som er forventet av einingane, og skal gjere det tydeleg kven som har ansvar for å gjennomføre rutinen. COSO åtvarar mot at uskrivne rutinar kan vere lette å omgå og kostnadskrevjande for organisasjonen å vedlikehalde dersom det er utskifting av personell. Vidare tilrår COSO at leiinga ved jamne mellomrom gjennomgår og oppdaterer prosedyrar og kontrollaktivitetar.

Leiinga si oppfølging

COSO-rammeverket legg til grunn at for å sikre gjennomføring av handlingar eller endringar som er naudsynte for å oppnå ein god internkontroll, er leiinga si oppfølging viktig. Dette krev at leiinga må ha tilstrekkeleg innsikt til å vurdere kva element i internkontrollen som fungerer bra og kva element som bør forbetrast.

Leiinga kan til dømes følge opp internkontrollen gjennom regelmessige gjennomgangar i møte (leiinga si gjennomgang), inspeksjonsrundar/stikkprøver, og/eller systemrevisjonar.

2.3 Eigarstyring

KS har fastsett 21 tilrådingar for god eigarstyring og selskapsleiing i kommunal og fylkeskommunal sektor. Desse 21 tilrådingane har HFK utfyllande sitert i sin overordna eigarstrategi. KS bruker omgrepet «kommune» både for kommune og fylkeskommune i sine tilrådingar.

KS tilrår at det blir utarbeidd eigarskapsmeldingar: «Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eigarskapsmelding for alle sine selskaper.» Vidare tilrår KS at kommunen bør ha ein open og klart uttrykt eigarstrategi for sitt eigarskap i ulike selskap og at «Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.»

KS tilrår at fylkestinget som hovudregel bør utnemne sentrale folkevalte som eigarrepresentantar i eigarorganet, for å forenkle samhandlinga og kommunikasjonen mellom fylkestinget og eigarorganet. Vidare tilrår KS at føresegn om innkallingsfrist til representantskapsmøte tas inn i selskapsavtalen, og så skal representantskapet fastsette budsjett, økonomiplan og rekneskap.

KS understreker at revisor ikkje er pliktig til å møte i representantskapet, men tilrår å følge aksjelova på saken. Aksjelova § 7-5 fastsett at: «Revisor skal delta i generalforsamlingen når de saker som skal behandles, er av en slik art at dette må anses som nødvendig.»

Bruk av valkomité bør vere nedfelt i selskapsavtalen; valkomiteen si samansetting bør reflektere eigardelane i selskap med fleire eigarfylkeskommunar; det bør utarbeidast retningsliner som regulerer valkomiteen sitt arbeid; valkomiteen bør grunngje sine forslag; og for å sikre kontinuitet bør ikkje heile styret bli skifta ut samtidig.

Når det gjeld samansettinga av styret fastsett KS: «Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet.» Vidare tilrår KS at fylkeskommunen sikrar opplæring av styremedlemmane. KS tilrår at styret bør ha kompetanse innan økonomi, organisasjon, marknaden selskapet opererer i, fagleg innsikt, og interesse for selskapets formål. KS understrekar at styreverv i selskap er personlege verv, som betyr at styremedlemmar berre representerer seg sjølve – ikkje parti, enkeltfylkeskommunar, eller andre interessentar – og skal ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

KS tilrår også at «Ordførar og rådmann bør ikkje sitte i styrer i selskaper.» og «Ingen kommunalt ansatte eller folkevalgte skal håndtere saker i kommunen som gjelder et selskap der de selv er styremedlem.»

KS tilrår at eigarorganet søker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styret: «I henhold til IKS-loven § 10 er det krav om tilnærmet 40 % kjønnsrepresentasjon i styrene.»

KS tilrår at i IKS så bør representantskapet fastsette godtgjersle til styre, og at deltakarfylkeskommunane fastsett og utbetalar godtgjersle til sine medlemmer i representantskapet.

KS tilrår at eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet.

KS tilrår at alle med styreverv for fylkeskommunale selskap bør registrere vervane i KS sitt styrevervregister (www.styrevervregisteret.no).

2.4 Personopplysningslova

Jf. personvernforordninga § 2 første ledd, er selskapet underlagt lov om behandling av personopplysningar. Denne tredde i kraft 20. juli 2018, og gjennomfører EU sin personvernforordning – kjent som GDPR – i norsk lov. Artikkelen 4 i personvernforordninga definerer omgrepa brukt i forordninga i 26 punkt. Under er nokre av dei relevante punkta presentert:

1) «personopplysninger» enhver opplysning om en identifisert eller identifiserbar fysisk person («den registrerte»); en identifiserbar fysisk person er en person som direkte eller indirekte kan identifiseres, særlig ved hjelp av en identifikator, f.eks. et navn, et identifikasjonsnummer, lokaliseringsopplysninger, en nettidentifikator eller ett eller flere elementer som er spesifikke for nevnte fysiske persons fysiske, fysiologiske, genetiske, psykiske, økonomiske, kulturelle eller sosiale identitet,

2) «behandling» enhver operasjon eller rekke av operasjoner som gjøres med personopplysninger, enten automatisert eller ikke, f.eks. innsamling, registrering, organisering, strukturering, lagring, tilpasning eller endring, gjenfinning, konsultering, bruk, utlevering ved overføring, spredning eller alle andre former for tilgjengeliggjøring, sammenstilling eller samkjøring, begrensning, sletting eller tilintetgjøring

...

7) «behandlingsansvarlig» en fysisk eller juridisk person, en offentlig myndighet, en institusjon eller ethvert annet organ som alene eller sammen med andre bestemmer formålet med behandlingen av personopplysninger og hvilke midler som skal benyttes ...

8) «databehandler» en fysisk eller juridisk person, offentlig myndighet, institusjon eller ethvert annet organ som behandler personopplysninger på vegne av den behandlingsansvarlige

I selskapet er det dagleg leiar som er behandlingsansvarleg. Databehandlarar er tenesteleverandørar til selskapet som behandlar personopplysningar på vegner av selskapet. Forordninga artikkel 28 nr. 3 stiller krav om at behandling av personopplysningar utført av ein databehandlar skal vere underlagt ein avtale med nærare spesifisert innhald (bokstav a til h).

For å behandle personopplysningar må ein behandlingsansvarleg ha eit lovleg behandlingsgrunnlag. Desse er lista i artikkel 6 nr. 1, bokstav a) til f). Selskapet har gjennom bompengavtalen med samferdsledepartementet jf. veglova § 27 femte ledd, heimel til å handsame personopplysningar når det er naudsynt for å utføre oppgåva med å krevje inn bompengar. Behandlingsgrunnlag for slik behandling av personopplysningar i selskapet er dimed personopplysningslova artikkel 6 nr. 1 bokstav e) jf. veglova § 27 femte ledd.

Personvernforordninga artikkel 32 nr. 1 stiller vidare krav om informasjonstryggleik ved behandling av personopplysningar. Krava som blir stilt er at informasjonstryggleiken skal vere tilfredsstillande med omsyn til personopplysningane si konfidensialitet, integritet, tilgjengelegheit og robustheit gjennom at det blir sett i verk eigna tekniske og organisatoriske tiltak basert på risikovurderingar. Artikkelen inneheld føresegn som omhandlar kva risikovurderingane skal leggje vekt på.

2.5 Fylkeskommunale styringsdokumenter og vedtak

Relevante fylkeskommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som kontrollkriterium.

3. Metode

Deloitte utfører selskapskontroll i samsvar med gjeldende standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og fylkeskommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som kontrollkriterium. Vidare vil informasjon om og frå selskapet og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot kontrollkriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalde personar frå selskapet og eigarfylkeskommunane. Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 4-5 intervju.

3.3 Rekneskapsanalyse og stikkprøvar

Revisjonen vil sjå på rekneskapsdelen til selskapet for å undersøke om pengebruken er i samsvar med føremåla til selskapet, jf. problemstilling 4. Rekneskapsgjennomgangen vil dekke perioden frå oppstart av selskapet i 2017 og fram til 31. desember 2019. Hovedvekta vil vere på gjennomgang av kostnader knytt til seminar, reise mm. For dei utvalde postane vil revisjonen be om underlagsdokumentasjon.

3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå dei verifisert intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til fylkeskommunane og selskapet for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til fylkeskommunane og selskapet for uttale. Innkomne høyringsuttaler vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvala.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Frode Løvlie (manager) og Åsne Naalsund Aldal (manager). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta om lag 160-190 timar å gjennomføre selskapskontrollen utover det som er fakturert per no. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvala i Vestland og Rogaland fylkeskommunar. Reiseutgifter til Rogaland kjem i tillegg.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i fylkestinga. Eventuelle presentasjonar av rapporten i fylkesting vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar per fylkesting, i tillegg til det totale timetalet som er presentert over. Reiseutgifter til Rogaland kjem i tillegg.

Eventuelle presentasjonar av rapporten i andre kontrollutval enn Vestland og Rogaland fylkeskommunar, vil bli avtala særskilt og fakturert etter nærare avtale.

4.3 Gjennomføringsplan

Vi tek sikte på å ha utarbeidd eit rapportutkast innan 24. april, slik at rapporten kan handsamast i kontrollutvalsmøtet i Vestland fylkeskommune 11. mai 2020 og i kontrollutvalsmøtet i Rogaland fylkeskommune 28. mai 2020.

Gjennomføringsperiode avhenger av at fristar som revisjonen gir blir overhaldt, samt at det ikkje oppstår hindringar undervegs som vi ikkje har tatt eller kunne tatt høgde for. Revisjonen vil halde sekretariata for kontrollutvala orientert om framdrifta undervegs. Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med inngåtte avtalar.

Bergen, 24. februar 2020

(*sign.*)

Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides audit, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services to public and private clients spanning multiple industries. Deloitte serves four out of five Fortune Global 500® companies through a globally connected network of member firms in more than 150 countries and territories bringing world-class capabilities, insights, and high-quality service to address clients' most complex business challenges. To learn more about how Deloitte's approximately 245,000 professionals make an impact that matters, please connect with us on Facebook, LinkedIn, or Twitter.

© 2020 Deloitte AS

Saknr: 2020/41815-2
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	20/20	16.03.2020

Henvending frå Hardanger AKS**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar henvendinga frå Hardanger AKS til orientering.
2. Kontrollutvalet tar saka med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å vurdere om brev frå Hardanger AKS dagsett 20.01.2020 er ei sak som kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune bør involverer seg i.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Hardanger AKS er i positiv utvikling men bryt med lovpålagte krav

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 13.02.2020 vart dette protokollert i sak PS 15/20:

«Handsaming i møte

Jostein Ljones orienterte om brev han som medlem i heradsstyret i Kvam herad har motteke frå Hardanger AKS om utfordringar i selskapet. Brevet har tittelen «Hardanger AKS i ei positiv utvikling men bryt med lovpålagte krav». Hordaland fylkeskommune og Kvam herad gjennomførte ein selskapskontroll av dette selskapet i 2016.

Brevet vert send til sekretariatet og kontrollutvalet ber sekretariatet førebu ei sak til neste møte med tanke på om det som kjem fram i brevet kan vera grunnlag for å vurdere om det bør gjennomførast ny kontroll i selskapet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

- 1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte.*
- 2. kontrollutvalet ber sekretariatet førebu ei sak til neste møte med tanke på om det som kjem fram i brevet frå Hardanger AKS kan vera grunnlag for å vurdere om det bør gjennomførast ny kontroll i selskapet.»*

Brevet ligg ved saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar/selskapskontrollar medan det er fylkestinget som har mynde til å vedta revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-5.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har merka seg at det mottekne brevet i hovudsak omhandlar at selskapet meiner dei ikkje har god nok økonomi til å kunne ivareta lovpålagde oppgåver. Vidare har vi merka oss at eigarrepresentanten for Hordaland fylkeskommune og eigarrepresentanten for Samnanger kommune ikkje var til stades på generalforsamlinga i selskapet 04.07.2019.

Sekretariatet hadde 04.03.2020 munnleg kontakt med ordførar i Kvam herad, Torgeir Næss, som kunne opplyse følgjande i høve oppfølging av brevet frå Hardanger AKS:

- Det er gjennomført eit eigarmøte 19.02.2020 mellom Kvam herad og Hardanger AKS
- Det er også gjennomført eit møte mellom NAV, administrasjonen i Hardanger AKS og administrasjonen i Kvam herad
- Ordførar har også hatt møte med styreleiar i selskapet
- Føremålet med desse aktivitetane har vore å få fram fakta i saka og avklare løypande drift som eit grunnlag for kva som bør gjerast vidare
- Det vert framleis jobba med saka
- Ordførar har orientert Kvam heradsstyre munnleg om saka

Slik sekretariatet ser det er dette ikkje ei sak som kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune på noverande tidspunkt bør involvere seg i. Grunngevinga for det er at Kvam herad er i dialog med både Hardanger AKS og NAV med tanke på å i finne ei løysing på saka.

Vidare meiner sekretariatet at dette kan vera eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune på noverande tidspunkt tar henvendinga frå Hardanger AKS til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet tar saka med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.

Til representantar i Kvam Heradsstyre

Øystese, 20.01.20


Hardanger AKS er i positiv utvikling men bryt med lovpålagte krav

Hardanger AKS AS (heretter kalla HAKS) kan siste året vise til ei betydeleg betring i selskapets økonomi, men har dei siste åra operert på utsida av gjeldande lovar og forskrifter og driv i dag utan tilstrekkelege midlar til å lukka lovpålagte avvik.

Skal HAKS leggjast ned og 84 personar stå utan tiltak og jobb og skal den avgjerda takast når du set som folkevald representant i Kvam Herad?

Kvam formannskap er eigar og hovudaksjonær i HAKS og Kvam Herad har eit kommunalt lovpålagt ansvar for å ivareta menneske med nedsett funksjonsevne. Per i dag er dette ikkje ivaretatt på ein forsvarleg måte. Det bryt med fleire lover og forskrifter for denne type verksemd, f.eks. aksjelova, tiltaksforeskrifta og FN sin konvensjon om rettigheter til menneske med nedsett funksjonsevne.

I det følgjande presenterer me bakgrunn og fakta for situasjonen, og ber om at du tar deg tid til å lesa dette skrivet inkludert vedlegg.




Øyvind Aksnes
Dagleg leiar
Hardanger AKS AS



Jane Mette S. Mo
Tillitsvalgt



Helge F. Bu
Verneombud



Anne R. Nyhus
Ansatt representant i styret

Bakgrunn og fakta

Hardanger AKS AS er ei vekst og attføringsbedrift som tilbyr produkt og tenester utført av personar som har behov for tilrettelagt arbeid og arbeidstrening. Arbeidet bidrar til å utvikla ressursar hjå den enkelte arbeidstakar.

Ved inngangen til 2020 er me 84 personar ved HAKS. Ikkje ein ubetydeleg arbeidsplass i Kvam! Forutan 15 ordinært tilsette, tel me 41 på VTA (varig tilrettelagt arbeid), 13 på AFT (arbeidsførebuande trening), tre på varig lønstilskot, to på midlertidig lønstilskot, fem på språkpraksis, to lærekandidatar og tre elevar frå vidaregåande skule som har praksisplass hjå oss. Verksemda har fem ulike avdelingar, noko som gjer oss i stand til å tilby eit variert tilbod av arbeidsoppgåver innan ulike interessefelt, tilpassa kvar enkelt.

Etter fleire år med uro kring HAKS har verksemda ny administrasjon og i løpet av 2019 har selskapet vore gjennom ein total snuoperasjon. Me har drifta med "unntakstilstand" i heile 2019 der tilsette har arbeida på dugnad langt over ordinær arbeidstid for å dekkja inn personalmangel, ta kontroll over drift og økonomi og lukka dei avvik som har vore mogeleg å lukka med dei ressursar ein har hatt tilgjengeleg.

Me har klart å snu trenden og rekneskapen for 2019 vil syna eit overskot. Me har gjort det me har kunna internt, men treng hjelp av Kvam Herad både som eigar og kunde til å sikra at vidare drift av selskapet. Forsvarleg drift av HAKS innanfor gjeldande regelverk er eit ansvar som både administrasjonen, styret og Kvam Formannskap har.

Dei fleste vekst og attføringsbedrifter startar med heilt anna forutsetning enn HAKS. Det er vanleg at kommunane/eigarane kjøper/byggjer ein tilpassa bygning og investerer i naudsynt produksjonsutstyr. Når vekst og attføringsbedrifta flyttar inn og startar opp vil inntektene frå tiltaka (refusjonar) saman med ordinære produksjonsinntekter vera nok til at verksemda kan driva forsvarleg og med overskot.

Ved oppretting av HAKS fall heile lånekostnaden på HAKS som på det meste hadde 19 millionar i gjeld. Me betaler framleis ned på investeringar som blei gjort i forbindelse med storkjøkkenet i Steinsdalen som seinare blei lagt ned grunna oppseiing av kontrakt på matlevering.

Altfor høg lånekostnad førte til at HAKS dei fleste åra dreiv med underskot noko som igjen førte til konflikhtar og uro. Nedlegging av kjøkkenet i Dalen, ein knusande Deloitte rapport, underskot og tapt eigenkapital gjorde at styret og eigarane hadde handleplikt. Den vart løyst ved at 4,2 årsverk vart sagt opp, ein fekk nytt styre og dagleg leiar samt nestleiar slutta. Dei som var på tiltak i Dalen vart flytta over til lokala i Sjusetevegen. Sidan då har HAKS drifta underbemanna og dermed i strid med tiltaksforeskrifta.

Med utgifter på ca 200 000 i lån/leasing kvar måned er det ikkje mogeleg for administrasjonen i HAKS utan hjelp å drifra innanfor gjeldande lovar og reglar. Det er ikkje midlar til å tilsetja personale som kan ivareta dei krava me har ovanfor brukarane våre. Det er heller ikkje midlar til å lukka avvik pålagt av NSO og brannvesenet eller utføre andre naudsynte drifts og vedlikehaldsoppgåver.

I dag er selskapets gjeld kring 14 millionar, så lånekostnaden er kraftig redusert. Nedbetalinga har vore mogeleg ved at selskapet har drifra med for få tilsette og utan mogelegheit til forsvarleg drift i forhold til krava lovverket har til vår type verksemd.

HAKS er plikta å driva i tråd med regelverket. Blant anna: Aksjelova, Tiltaksforeskrifta og NAV sin kravspesifikasjon for tiltaksarrangør set krav til verksemda. Ansvaret fell ikkje på verksemdas administrasjon åleine.

Aksjelovas kapittel 3 omhandlar selskapets eigenkapital og likviditet. Kvam Herad har utarbeida eigarstrategi der det står at HAKS skal vera sikra nødvendige verkemiddel og legitimitet for å kunna utføre oppdraga sine. Rammevilkår gitt av eigar skal vera tryge og langsiktige. Kravsspesifikasjonen for VTA sei at tiltaksarrangør skal, som hovudregel tilby ein tilsett vegleiar i 100 % stilling per fem tiltaksplassar.

Avtalen om medfinansiering-VTA-tiltak seier at Jf forskriftas § 14-8, 2. ledd skal tiltaksarrangøren få eit kommunalt tilskot som skal utgjera minimum 25 % av det statlege tilskotet. Kommunen kan etter avtale med tiltaksbedrifta auka medfinansieringssatsen etter den enkelte arbeidstakers behov for utvida tilrettelegging og/eller oppfølging. Vidare at det er tiltaksbedrifta ved eigarane som forpliktar seg til at tiltaket VTA drives etter gjeldande regelverk.

Noreg har signert en FN-konvensjon om rettigheter til menneske med nedsett funksjonsevne. På side 23, artikkel 27, pkt 1. står det at menneske med nedsett funksjonsevne har rett til arbeid på lik linje med andre. Pkt 1.(e) seier at ein skal fremje moglegheiter for sysselsetting og karriereutvikling for menneske med nedsett funksjonsevne i arbeidsmarknaden, så vel som hjelp til å finne, skaffa seg, halde på og kome tilbake til et arbeid. Pkt 1.(i) sei at ein skal sikra at menneske med nedsett funksjonsevne får rimeleg tilrettelegging på arbeidsplassen.

Diverre er verkelegheita som møter funksjonshemma når dei er ferdig på skulen ein arbeidsledighet på 85 %. For å drifra i tråd med regelverk og FN-konvensjonen tok Oslo som fyrste kommune grep for å unngå at 8 av 10 funksjonshemma står utan jobb etter skule. Oslo kommune gjev 100 % jobbgaranti for menneske med nedsett funksjonsevne under 24 år. Fleire kommunar har etter det følgt opp med same garanti.

Kva er Kvam Herads strategi for å ivareta dei funksjonshemma og gje dei tilbod i tråd med gjeldande regelverk?

Etter fleire år med uro kring HAKS har verksemda fått ny administrasjon og i løpet av 2019 har selskapet vore gjennom ein total snuoperasjon. HAKS har drifra med "unntakstilstand" i heile 2019 der tilsette har arbeida på dugnad langt utover ordinær arbeidstid for å dekkja inn personalmangel, ta kontroll over drift og økonomi og lukka dei avvik som har vore mogelegge å lukka med dei ressursar ein har hatt tilgjengeleg. Me har klart å snu trenden, og rekneskapen vil syna eit overskot i 2019. Me har gjort alt me har kunna internt, men treng hjelp av Kvam Herad både som eigar og kunde til å sikra vidare drift av selskapet. Forsvarleg drift av HAKS

innanfor gjeldande regelverk er eit ansvar som både administrasjonen, styret og Kvam Formannskap har.

I tillegg til å ta dei interne grep me har kunna, har me formidla vår bekymring over likviditet og økonomi via styret til eigarane. Og det har vore satt i gang prosessar me håpa ville bidra til ein start på den hjelpa me treng. I tida frå styreleiarar orientering til Kvam formannskap juni 2019 fram til i dag kan me visa til følgjande tiltak, kommunikasjon og tidslinje:

- 5. juni 19 var det møte i formannskapet i Kvam Herad der styreleiar i HAKS informerte om verksemdas dårlege økonomi og sagt at eigenkapitalen var tapt. Det vart påpeika at verksemda hadde tatt grep for å få kontroll over drifta, ny administrasjon var på plass og ein jobba internt med dei ressursane ein hadde tilgjengeleg for å lukka naudsynte avvik. Styreleiar bad Kvam Herad om hjelp til å løysa situasjonen for å sikra vidare drift.
- 11. juni 19 var det møte i Kvam Heradsstyre. Ordførar sa at vedtak var fatta om at HAKS skulle få fornya avtalen om leige og vask av arbeids- og institusjonstøy for helse- og omsorgseininga og teknisk eining, samt leige og vask av matter til kommunale bygg. Vidare sa rådmann at dei var kjent med HAKS sin økonomiske situasjon og at eigenkapitalen var tapt. Ein ønskte å sikra vidare drift men då Kvam Herad ikkje var einaste eigar måtte styret i HAKS fylja korrekt tenesteveg og leggja saka fram for generalforsamlinga.
- 24. juni 19 blei innkalling til generalforsamling sendt ut.
- 4. juli 19 – Før generalforsamlinga sitt møte, var det eit uformelt møte mellom Kvam Herad (representert av ordførar samt ein kontrollør) og HAKS. Agenda for møtet var tiltak for å sikra vidare drift av HAKS. Ordførar meinte at Kvam Herad som største aksjonær måtte prøva å finna løysingar utan at styret i HAKS tok dette med dei andre eigarane, då det ville medføra ei sakshandsaming som kom til å ta sær lang tid og at det var eit akutt behov for økonomisk hjelp. Fleire løysingar blei diskutert. Dagleg leiar ved HAKS påpeika at den beste løysinga ville vera om Heradet kjøpte eigeiendomen til restgjeld og at HAKS deretter betalte husleige til Heradet. Dagleg leiar bad også Kommunen om å vera viljug til å justera satsen på den kommunale medfinansieringa basert på gjeldande avtale om kjøpte og statlege VTA-plassar. Gjeldande avtale har ikkje individuelt vurderte satsar. Ordførar meinte at å kjøpa eigeiendomen til restgjeld var for dyrt, men at Heradet som kunde var viljug til å sjå på den eksisterande avtalen om satsar for medfinansiering. Helse og Omsorgssjef ville representera kommunen i forhandlingane om justering/ending av avtale. Referat frå dette møtet vart ikkje laga.
- 4. juli 19 vart det holdt generalforsamling. Hordaland Fylkeskommune og Samnanger Kommune møtte ikkje med representantar. Styreleiar og dagleg leiar orienterte om drifta og la fram resultatrekneskap pr mai 2019 i tillegg til årsrekneskapen for 2018. Generalforsamlinga tok orienteringa til etterretning.
- 7. august 19 var det møte med agenda ”Kommunal medfinansiering VTA”. Til stades var dagleg leiar og administrasjonsleiar frå HAKS og frå Kvam Herad møtte Pleie- og Omsorgssjef samt leiar for NAV Kvam. HAKS la fram eit forslag om å auka satsen frå

25 % til 53 % (tilsvarande landsgjennomsnittet for kommunar utan dagsenter og/eller aktivitetssenter). Til 2019-satsar vil ein slik auke opp til 53 % utgjera ca kr 1,4 mill. HAKS rekna det som eit godt tilbod. Dersom ein skulle foreta individuell vurdering av kvar brukar ville det ta tid og mest sannsynleg vera dyrare for Heradet då fleire på VTA har eit høgt behov for bistand og tilrettelegging. Sjef for Pleie og Omsorg sa at dette var for dyrt og at mange i kommunen meinte dei kjøpte VTA-plassane var kostnadskrevjande for kommunen - og at dei måtte ta stilling til om Heradet ynskte å sei opp avtalen om kjøpte plassar og heller finna anna løysing for brukargruppa. Dersom satsane skulle aukast påpeikte sjefen for Pleie og Omsorg at det i så fall måtte implementerast i budsjettet for 2020. Møtet vart avslutta med at Heradet skulle komma tilbake til HAKS etter at dei hadde behandla saka internt.

- I oktober utarbeida dagleg leiar og administrasjonsleiar ved HAKS dokumentet «Leiingas gjennomgang» for å kartleggja ulike delar av drifta og belysa avvik som bør lukkast.
- 22. oktober sender HAKS e-post til Kvam Herad der ein spør om kvar kommunen er i si sakshandsaming av ny vaskerikontrakt gjeldande frå 2020.
- 27. oktober var det møte mellom HAKS og Kvam Herad (representert ved økonomisjef og prosjektkonsulent) vedrørande vaskerikontrakt.
- 4. november blei det sendt e-post til Kvam Herad der HAKS ber om ei tilbakemelding på kvar Kvam Herad er i prosessen med vurdering av avtalen for Kommunal medfinansiering VTA. HAKS spør og om plan for nytt møte. Denne e-posten har ein ikkje fått svar på.
- 14. november mottar HAKS ein e-post frå Kvam Herad der det blir sagt at Heradet arbeider med vaskeriatvaten og vil ta ei vurdering av prisar i løpet av kort tid. E-posten informerer om at reinhald av matter ikkje er med vidare i arbeidet med kontrakt då Heradet har ei anna/eiga løysing på dette. Det er heller ikkje behov for leige og vask av moppar.
- November 2019 ser administrasjonen i HAKS på Heradet si heimeside at HAKS er inne som eiga sak med kode E i budsjettet for 2020. PKT 11: "Auka medfinansiering på 1,4 mill".
- 17. desember 2019 er det budsjettmøte i Kvam Heradsstyre. HAKS er ikkje nemnt og den auka prosentsatsen er ikkje vedtatt i budsjettet for 2020.
- 23. desember får administrasjonsleiar i HAKS telefon frå Kvam Herad som beklagar at dei ikkje har gitt tilbakemelding til HAKS. Heradet sin intensjon er sjølv sagt å inngå vaskerikontrakt med HAKS og dei vil ta kontakt over nyåret.
- 21. januar 2020 – dagleg leiar og administrasjonsleiar er kalla inn til møte med Heradet ang. vaskerikontrakt. Agenda for møtet er at Kvam herad treng avklaring på ein del punkt i forbindelse med ein eventuell ny avtale, og at dei er ueinig i prisjusteringa som er lagt fram.

Fakta:

- HAKS har hatt unntakstilstand i heile 2019. Tilsette har arbeidd langt over ordinær arbeidstid på dugnad for å dekkja inn personalmangel, ta kontroll over drift og økonomi og for å lukka dei avvik som har vore mogeleg å lukka med dei ressursar ein har hatt tilgjengeleg.
- HAKS har snudd trenden og vil leggja fram eit rekneskap for 2019 som vil visa eit overskot. Men treng hjelp til tiltak som kan sikra fortsett forsvarleg og lovleg drift.
- Er det signert ny avtale om fortsett vask av institusjonstøy med Kvam Herad?
NEI
- Er det signert ny avtale om justerte satsar for medfinansiering VTA?
NEI
- Er det mottatt støtte, økonomisk hjelp frå Kvam Herad eller andre aksjonærer
NEI

Spørsmål:

Kva korrekt tenesteveg bør administrasjonen og styret i HAKS fylja i forkant av generalforsamlinga i 2020 for at Kvam Herad som eigar og hovudaksjonær faktisk skal få vår sak opp på sin politiske agenda?

Administrasjonen ved HAKS meiner at snuoperasjonen i 2019 har vore positiv for verksemda. Dersom lånekostnaden til selskapet hadde vore fornuftig i forhold til vår type verksemd ser ein ikkje problem med å kunne drifta framover i tråd med gjeldande regelverk og med eit positivt resultat.

Forutsett at me får hjelp til å starta med eit grunnlag som gjer forsvarleg drift mogeleg, meiner leiinga at HAKS har gode mogelegheiter. Dei store investeringane som har vore gjort tidlegare gjer at me faktisk kan tilby svært varierende og tilpassa arbeidsoppgåver til alle på tiltak. Me har plass og mogelegheit til å ta inn fleire på tiltak, og å tilby tenester til nye kundar så vel som eksisterande. Frå 1. januar har me tilsett ein ny attføringsleiar som gjer at me kan fylja opp tiltaket AFT og dekkja dei krava det tiltaket har.

Forslag:

Me har innspel til ulike grep som kan gjerast for å sikra vidare forsvarleg drift av HAKS. Vonar også Kvam formannskap har forslag til tiltak eller kan vurdere eitt/ein kombinasjon av våre forslag:

- Kvam herad kjøper tomta til restgjeld og HAKS betalar husleige til heradet. Med ei maks husleige på 50.000/mnd i staden for ein låne- og leasingkostnad på 200.000/mnd vil HAKS kunna driva med overskot og lukka avvik slik at ein drifter innafor gjeldande lovverk.

- Justere avtalen på kommunal medfinansieringssats. På møte foreslo HAKS å justere satsen til 53 % (tilsvarande ca kr 1,4 mill). 53 % tilsvarar landsgjennomsnittet for kommunar utan dag- og/eller aktivitetssenter. Me har per i dag ikkje lukkast i å få ein ny avtale med saksbehandlar i Heradet, og slit med å få svar når me tar kontakt. Ei justering til 53 % vil setja oss i stand til å lukka bemanningsavvik, men for å lukka avvik frå NSO og brannvesenet vil ein trenga investeringsbeløp i tillegg.
- Kontant innskot – innskot EK.
- Likviditetslån på 2,5 millionar kan hjelpa dersom heradet treng lang handsamingstid på å finna ei løysing.
- Kan Kvam Herad hjelpe HAKS med å få betre lånebetingelsar? Stille garanti slik at ein kan samle kort- og langsiktig lån til eitt lån med lengre nedbetalingstid?
- Vil Kvam Herad vurdera 100 % jobbgaranti til alle funksjonshemma under 24 år? Hjelp til sjølvhjelp? 2000 nye VTA-plassar blir lagt ut i 2020. Bergen Kommune er klar på at dei har fleire funksjonshemma med behov for VTA-plass. Då kan ein få del i dei statlege midlane som blir delt ut kvart år, men om ein ikkje dokumenterer behov til staten får ein heller ikkje tilført fleire statlege midlar. Kvam Herad har ikkje dokumentert behov og får dermed ikkje noko av dei tildelte midlane. Frå oktober 2018 til i dag har HAKS mottatt fire søknadar om VTA-plass frå NAV Kvam. Me har sendt melding til NAV Kvam om at sjølv om ein ikkje har tildelt fleire statlege midlar har HAKS kapasitet til å ta imot fleire dersom NAV Kvam ynskjer å gje desse tilbod om kjøpt VTA-plass. Har ikkje mottatt svar frå NAV, så det er usikkert kor lenge desse blir ståande på venteliste og kor mange fleire som burde fått eit tilbod - men som ikkje eingong står på noko venteliste.
- Fleire AFT-plassar er og hjelp til sjølvhjelp. HAKS hadde tidlegare avtale med NAV Kvam om 18 AFT plassar. I dag er me nede i 13. HAKS har tatt grep for å bli betre. Me har tilsett ein ny attføringsleiar som er klar til å ta imot dei som treng ein AFT plass, og som er klar til å sikra god og forsvarleg drift av tiltaket. Han har forsøkt å kontakta NAV fleire gangar for å presentere seg og be om møte, han venter framleis på svar. Me kan i dag ta imot fleire enn dei 13 me har avtale om. Dersom NAV Kvam kan vurdera å nytta HAKS i staden for å bruka Kveik (Voss) og A2G (Bergen) som leverandør, vil det betre vår økonomiske situasjon. I dag kjøper NAV Kvam deler av tenesta av andre. Det vil ikkje vera ein ekstra kostnad for NAV Kvam. Dei betaler det same for tenesta uansett om pengane går til HAKS eller andre leverandørar utanfor Heradet.
- Kvam Herad har hatt tilsett/e på kurs om «Inkluderande kommune – saman for eit rausare arbeidsliv». Der gjennomgår ein blant anna at dersom eit kommunalt innkjøp har ein verdi på under 100.000 kr er kjøpet fritatt frå regelverket om anskaffelsar. Det betyr blant anna at ein kommune fritt kan tildela kontrakt til ei vekst- og attføringsbedrift direkte. HAKS tilbyr fleire tenester der Kvam Herad kan nytta oss som leverandør. Eksempel: Snørydding, plenklypping, vedlikehaldsoppgåver, innkjøp av benker, bord, rastebord, bossekk-stativ, blomkassar m.m. Har heradet etter å ha hatt tilsette på kurs lagt ein plan og vurdert om ein kan kjøpa fleire tenester frå HAKS?

- Generelt er det ein utfordring for administrasjonen i HAKS å få svar på telefonar, sms og e-postar både frå Kvam Herad og NAV Kvam. Kunne vore greitt å ha ein fast kontaktperson som både har innsikt i kva verksemd me er, og som har ansvar for å vera bindeledd mellom HAKS og ulike sakshandsamarar i Heradet.

Heradet sin rolle som hovudeigar og hovudkunde

Kvam Herad har to roller i forhold til HAKS. Som hovudaksjonær i verksemda har Heradet eit eigaransvar, men er også HAKS sin kunde gjennom blant anna avtale om vaskeritenester og NAV Kvam som kjøpar ulike tiltaksplassar til brukarar som av ulike grunnar har behov for tenester HAKS kan tilby.

Som eigar og hovudaksjonær av HAKS har Kvam Herad eit klart ansvar om å leggja til rette for naudsynte midlar som sikrar forsvarleg god drift innanfor gjeldande lovverk.

Som kunde har Kvam Herad kostnad med vaskeritenester uansett om dei kjøper tenesta av HAKS eller anna leverandør som Berentsen Tekstil. Kvam Herad har kostnad med AFT tiltak uansett om dei kjøper tenesta av HAKS eller Kveik/A2G. Heradet er ikkje veldig snill med, og brukar mykje pengar på HAKS ved å gje oss ei kontrakt på ein avtale der HAKS leverer konkurransedyktige prisar på ei teneste heradet uansett har kostnad med. Forskjellen er at når HAKS får kontrakten kjem inntektene ei verksemd i bygda til gode i staden for at pengane går til leverandør eksternt.

Vonar nyttårsforsettet til alle som har ein ansvarleg rolle i drifta av HAKS kan vere å bidra til auka kunnskap om HAKS og forståing av at HAKS er ein viktig arbeidsplass i Kvam Herad som er verd å ta vare på.

Har du spørsmål eller har lyst å vita meir om HAKS er du alltid velkommen på besøk. Dagtid, kveldstid, formell eller uformell prat – Me i administrasjonen er alltid glad når det blir vist interesse for, og ynskje om auka kunnskap om arbeidsplassen vår.

Øystese, 20. januar 2020

Dagleg leiar 100 % stilling
 Administrasjonsleiar 100 % stilling
 Fagansvarlig Attføring 100 % stilling
 Attføringsleiar 100 % stilling
 Språkpraksis - vegleiar 50 % stilling
 sjåfør 140 % stilling
 Sjøfør /div vedlikehald 100 % stilling
 Reinholdar 24 % stilling



pr 01.01.2020

	Vaskeriet	Treavdeling	Vedavdeling	Kontakten	Serviceavdeling	AFT - ute
Avdelingsleiar	1 person 100 % stilling	1 person 100 % stilling		1 person 100 % stilling	1 person 100 % stilling	
Arbeidsleiar			1 person 100 % stilling	1 person 100 % stilling		
Instruktør	1 person 50 % stilling					
Sum	1,5 Stilling	1,0 Stilling	1,0 Stilling	2,0 Stilling	1,0 Stilling	6,5 stilling
VTA Statleg	5 personer (5 stillinger)	4 personer (3,6 stilling)	4 personer (3 stilling)	4 personer (4 stilling)	5 personer (4,5 stilling)	22 personer
VTA Kjøpte	5 personer (3,8 stilling)	1 person (0,5 stilling)	6 personer (5,4 stilling)		7 personer (6,2 stilling)	19 personer
AFT	3 personer (2,1 stilling)	4 personer (2,2 stillinger)		3 person (2,4 stilling)		13 personer
VLT	1 person (1,0 stilling)	2 personer (2 stillinger)				3 personer
språkpraksis	3 personer (1,2 stilling)			2 person (0,8 stilling)		5 personer
Lærekandidatar		2 personer (2,0 stillingar)				2 personer
Elever i praksis	3 personer (0,7 stilling)					3 personer
sum	20 personer (12,2 stilling)	13 personer (10,3 stillinger)	10 personer (8,4 stillinger)	9 personer (7,2 stillinger)	12 personer (10,7 stilling)	64 personer

Pr 01.01.2020: 6,5 årsverk til å ta seg av 64 personer på ulike tiltak



Hardanger AKS AS

Hardanger AKS AS (korta til HAKS), er ei skjermja verksemd som tilbyr fleire arbeidsretta tiltak. Tiltaksarrangørar blir i forskrift om arbeidsretta tiltak definert som verksemdar som gjennomfører arbeidsretta tiltak i samarbeid med Arbeids- og velferdsetaten (NAV). Skjerma verksemd blir definert som verksemd med produksjon av varer og/eller tenester som er etablert med sikte på å tilby personar med nedsatt arbeidsevne arbeidstrening, kvalifisering eller varig tilrettelagt arbeid. Det finst ei rekke ulike typar arbeidsretta tiltak. Det er vanleg å skilja mellom VTA-plassar og attføringsplassar. VTA-plassar blir gitt til dei svakaste arbeidstakarane som der vanskeleg å finna ordinær arbeidsplass til. For attføringsplassane er målet ei tilbakeføring til ordinært arbeidsliv.

Leingas gjennomgang - Føremål

Føremålet med leinga si gjennomgang er å undersøkje om selskapet har etablert system og rutinar for å sikra at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.

Administrativt:	Fakta:	Analyser og årsaker:	Tiltak:
4a <ul style="list-style-type: none"> Aksjonærar/eigarar 	Selskapet er eig av: <ul style="list-style-type: none"> Kvam Herad Hordaland Fylkeskommune Samnanger Kommune Kvam og Jondal NFU 		<ul style="list-style-type: none"> Kvam Herad nyttar pr i dag både arbeidsretta tiltak og kjøper tenester frå selskapet som vaskertenester og catering. Arbeide mot enda betre avtalor Hordaland Fylkeskommune har inngått avtale med selskapet om 3 praksisplassar for elevar i vidaregåande skular for skuleåret 2019/2020. Arbeide mot avtale også neste skuleår dersom fylkeskommunen har elevar med behov me kan hjelpe Samnanger Kommune nyttar i dag nokre VTA plassar. Arbeide mot å presentere oss om leverandør av andre tenester som kan vera i kommunens interesse, som vask av institusjonstøy. Generelt arbeide mot eit betre samarbeid med eigarane, få fast kontaktperson og få dialog om tiltak som kan sikre forsvarleg økonomisk drift av verksemda. Arbeide mot obligatorisk opplæring av nye folkevalde Sikre rutinar for at samlege folkevalde skal ha tilstrekkeleg kunnskap om selskapet til å kunne foreta slutningar i tråd med kommunens eigarmelking og visjon med verksemdar dei har eigarinteresser i.
4c <ul style="list-style-type: none"> Styret 	<ul style="list-style-type: none"> Er vald av eigarane, samt ein representant vald av dei tilsette. 		<ul style="list-style-type: none"> Etablere rutine med obligatorisk opplæring av nye styremedlemmer Etablere rutine for å at styret skal utarbeide ein årlig plan for sitt arbeid, rutine for habilitetsvurderingar, m.m Arbeide mot å utvide styre samansetninga med ein representant frå BHT for å sikre at interessen/røysta til tilsette på tiltak blir lagt fram/høyrtd.
<ul style="list-style-type: none"> Eigarstrategi 	<ul style="list-style-type: none"> Forutan generalforsamling er det lite samhandling mellom eigarane knytt til eigaropprøging av selskapet. 		<ul style="list-style-type: none"> HAKS meiner det vil vera ein fordel om eigarane vedtar ein felles eigarstrategi, eller sluttar seg til Kvam Herad sin eigarstrategi då dei er den største aksjonæren. Dette for å sikre ein felles tilnærming og styring av selskapet. Kvam Herad har eigarmøte med HAKS 2 ggr/år. HAKS er av den meining at det vil vere ein fordel for selskapet dersom alle eigarane kan delta på min. eit eigarmøte pr år. Dette for å sikre god nok kunnskap om drifta av selskapet dei er medeigar i.

Administrasjon - administrativt:	Fakta:	Analyser og årsaker:	Tiltak:
<p>4a</p> <ul style="list-style-type: none"> • Administrasjon 	<ul style="list-style-type: none"> • Store endringer i 2018. Selskapet var utan dagleg leiar og nestleiar i fleire månader • Ekstraordinær generalforsamling i 2018 førte til endring i styret. 	<ul style="list-style-type: none"> • Månader utan administrativ leing på huset førte til manglande kontroll på rekneskap og økonomi. Noko som var særskild uheldig då selskapet allereie på eit tidlegare tidspunkt hadde for høg gjeldsgrad og dårleg likviditet. Selskapet var i krise i 2017 som blei løyst med at 4,2 årsverk blei sagt opp, og selskapet har sidan drevet underbemanna noko som set stort press på dei gjenværande avdelingsleiarar og instruktørar. • For få tilsette og dåleg økonomi har resultert i at selskapet over ein lang periode ikkje har drevet forsvarleg når det gjeld oppfølging av tilsette på tiltak. 	<p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ny Administrasjonsleiarar blei tilsett frå 1. november 2018. • Ny dagleg leiar blei tilsett frå 1. juli 2019 • Hovudprioritering til dagleg leiar og administrasjonsleiarar har så langt vore å få kontroll over selskapet, både drift og økonomi. Det har vore mykje arbeid då situasjonen var så alvorleg i desember 2018 at det ikkje var dekning på konto då lønn skulle betalast. • Ny atferingsleiarar blir tilsett frå 1. januar 2020. Oppplæringsplan er under utarbeiding. Den skal sikre god nok opplæring til at tiltaket skal kunne driftast godt og i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer. • Det må opprettast dialog med eigarane av selskapet med målsetjing å utarbeida ein plan som sikrar økonomi og vidare drift. • Det må arbeidast mot å sikre forsvarleg bemanning på dei ulike avdelingane, og naudsynt kompetansetilførsel.
<p>4c</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etliske Retningslinjer • Økonomi 	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeida i 2015 • Aksjelova har krav til den økonomiske drifta av selskap. Selskapa skal til ein kvar tid ha ein egenkapital og likviditet som er forsvarleg ut frå risiko ved og omfanget av verksemda i selskapet (jf § 3-4). • Ved tap av egenkapital har styret handpleplikt, jf § 3-5. Årsresultatet 2018 viser negativ egenkapital. 	<ul style="list-style-type: none"> • Eir rekke investeringar og innkjøp har blitt gjort dei siste vel 10 åra. Ein del av innkjøpa kan lyda på manglandes/dårlige økonomiske vurderingar, samt dårleg finansieringsløsning. Dei fleste atferingsverksemdar får lokale og produktjonsutstyr av eigarar (kommune). Dei betalar husleige til eigar. Godt forvalta ordinar- og velferdsproduksjon skal då til saman vera nok til å sikre ein forsvarleg økonomisk drift av ei veksbedrift. HAKS har 13 mill. i lån, negativ egenkapital pr 31.12.18 og for dårleg likviditet. 	<ul style="list-style-type: none"> • Dei etiske retningslinjene må oppdaterast og ein må sikre at dei er implementert i det daglege arbeide på avdelingane. • Plan som kan sikre forsvarleg drift framover må prioriterast. God dialog og tett samarbeid med styre og eigarar er naudsynt. • Grep som har kunna blitt gjort internt på bedrifta, er gjort (innkjøpskontroll, kontroll over rekneskap og økonomi, endra og betre rutinar). Dette har ført til betring av resultatet, noko som kjem klart fram av halvårsrekneskapa for 2019. Ytterlegare tiltak vil vera vanskeleg å få til utan ein plan/Vedtak frå eigarane som sikrar naudsynt kapital til drifta. • For forsvarleg og god drift av velferdsproduksjonen er tett og godt samarbeid med kommune og NAV viktig.

Ledelsens Gjennomgang 2019

Bemannings- og kompetanse – personal – HMS:	Fakta:	Analyser og årsaker:	Tiltak:
<p>4a</p> <ul style="list-style-type: none"> Bemannings 	<ul style="list-style-type: none"> Attføringsleiar og avdelingsleiar på Service har begge passert 60 og vil gå av med pensjon om nokre år. I 2017 blei det redusert med 4,2 årsverk. Antall på tiltak har økt (2 lærekanndatar, 1,5 på lønnsfiskot og 5 på språkpraksis), utan at bemanning er styrka. Dette er eit problem ved at ein har uforsvarleg dekking av bistanndsbehov til brukarane og verksemda driv ikkje i tråd med tiltaksforskrifta. Verksemda har ikkje midlar til å kunne bruke vikarar. Utfordring å kunne nytta vingarar Lavt sjukefråvær på ordinært tilsette 	<ul style="list-style-type: none"> Dårlig økonomi gjer at ein ikkje har kunna auka bemanninga. Utfordring i å kunna bruke vingarar. Dei må ha lang og grundig opplæring då fleire av våre brukarar har spesielle behov. Mange er særst utrygge på nye og må bli godt kjent med ein vikar for å føla seg trygg. Den økonomiske situasjonen til selskapet gjer at det ikkje er midlar til vikarar og opplæring av slike. Om ein avdelingsleiar/instruktør er sjuk, har permisjon eller ferie må andre på huset overta. Det betyr enten å nytta arbeidsleiar/instruktør frå ein annan avdeling som i utgangspunktet er underbemanna, eller at dagleg leiar/administrasjonsleiar går inn som vikar og forskyver sitt arbeid til kveld/helg. Den lave bemanninga gjer at verksemda har lavt sjukefråvær på ordinært tilsette. Alle strekkjer seg svært langt for å unngå fråvær. Alle veit at verksemda er svært underbemanna og at når ein ikkje har vingarar så må ein annan kollega stilla opp – det betyr ekstra belastning for ein kollega – og ikkje minst endå færre tilsette til å ta seg av brukarane. 	<ul style="list-style-type: none"> Ny attføringsleiar er tilsett frå 1. januar 2020. Arbeide mot å få fleire tilsette. Minimum ein av desse bør ha helsefagleg kompetanse. Arbeide mot å kunne tilsette ringevikarar, gje grundig opplæring av desse, samt sikra at dei får nok tid på avdelingane til å bli kjent med dei ulike brukarane, deira diagnoser og spesielle behov. Arbeide mot å ha tilstrekkeleg med ringevikarar til at dei tilsette har trygghet i at det faktisk er lov å få influensa og vera veikke frå jobb. Det må på plass før alle endar i sjukefråvær pga belastninga dei siste åra der dei tilsette hatt ein innstilling om at «dette skal me klare. Me må ta vare på brukarane våre til me er over denne kneika». Mange har gått på akkord med seg sjølv og jobba langt utover det forventta i ein 100 % stilling.
<p>4c</p> <ul style="list-style-type: none"> Kompetanse 	<ul style="list-style-type: none"> Fleire av arbeidsleiarane og instruktørane i HAKS har lite formell utdanning, men har vore tilsette i selskapet i mange år og kjenner system og brukarar godt Efter reduksjonen i bemanning i 2017 har ein ikkje hatt tilsette på huset med helsefagleg bakgrunn/kompetanse. Dette er særst uheldig 	<ul style="list-style-type: none"> Kompetanse må vekkeleggast framover når nye tilsette skal vurderast. Arbeide mot å få ein/fleire med helsefagleg kompetanse. Vidareutdanning og kompetanseheving er viktig. Treng midlar til kursing, samt til vikar når fast tilsette er på kurs. Alle ordinært tilsette har i 2019 deltatt på førstehjelpskurs og hjertestartkurs. Våren 2019 blei det organisert fagdagar med opplæring i programvara AdOpus (blir nytta til registrering, oppfølging og rapportering av dei som er på tiltak). Dagleg leiar og administrasjonsleiar har tatt HMS kurs for leiarar hausten 2019 Dagleg leiar er påmeldt på ASYL sitt kurs for nye daglege leiarar i januar 2020 Avdelingsleiar på vaskeriet er påmeldt på vaskerikurs. 	<ul style="list-style-type: none"> Kompetanse må vekkeleggast framover når nye tilsette skal vurderast. Arbeide mot å få ein/fleire med helsefagleg kompetanse. Vidareutdanning og kompetanseheving er viktig. Treng midlar til kursing, samt til vikar når fast tilsette er på kurs. Alle ordinært tilsette har i 2019 deltatt på førstehjelpskurs og hjertestartkurs. Våren 2019 blei det organisert fagdagar med opplæring i programvara AdOpus (blir nytta til registrering, oppfølging og rapportering av dei som er på tiltak). Dagleg leiar og administrasjonsleiar har tatt HMS kurs for leiarar hausten 2019 Dagleg leiar er påmeldt på ASYL sitt kurs for nye daglege leiarar i januar 2020 Avdelingsleiar på vaskeriet er påmeldt på vaskerikurs.

Bemanningskompetanse – personal – HMS:	Fakta:	Analyser og årsaker:	Tiltak:
4a	<ul style="list-style-type: none"> HMS HAKS har etablert mål for HMS, og utarbeida HMS handbok med sentrale rutinar for HMS arbeidet ISO sertifisering set krav til HMS Gjennom kvalitetsystemet basert på infotjenester skal ein sikre at rutinar er linka til oppdatert regelverk og at dette er tilgjengeleg for dei tilsette 	<ul style="list-style-type: none"> Sjølv om selskapet har utarbeida ei rekke rutinar og prosedyrar knytt til HMS er det leinga si vurdering at desse er for dårleg opplyst og at dei ikkje er i samsvar med internkontrollforskrifta Manglar dokumentasjon på tidlegare medarbeidersamtalar Tidlegare administrasjon flytta for nokre år sidan BHT tenesta frå lokal leverandør til leverandør lokalisert i Bergen 	<ul style="list-style-type: none"> Mange tiltak er iverksett, men det gjenstår mykje arbeid. Medarbeidersamtalar er planlagt gjennomført på samlege ordinært tilsette samt dei som er på VTA tiltak i løpet av varen 2020 Innarbeida og gjennomførte faste rutinar på medarbeidersamtalar framover. Det blir skifte til lokal leverandør av BHT frå 1. januar 2020, og ein planlegg nytta deira tenester meir framover Rutinar for, og val av verneombod blei gjort i April 2019 Vernerundar blei tatt sommaren 2019. Avvik blei meldt i avvikssystemet. Nokre er lukka, andre jobbar ein med. Dagleg leiari og administrasjonsleiari var på HMS kurs for leiari hausten 2019
4c	<ul style="list-style-type: none"> Arbeidsmiljø Generelt bra arbeidsmiljø Arbeidsleiarar og instruktører har vist stor og imponerende innsats og arbeidsvilje etter ein lang periode med usikkerheit, konflikt med tidlegare leiling, tap av kollegaer, stort arbeidspress og dårleg økonomi 	<ul style="list-style-type: none"> Alle ordinært tilsette viser ein enorm vilje og omsus for alle på tiltak. Trass økonomiske og administrative utfordringar har drivkrafta og motivasjonen til å leggja inn «eit ekstra gir» vore at alle på tiltak skal uansett på det tilbodet dei har rett og krav på. 	<ul style="list-style-type: none"> Det store presset dei tilsette har hatt dei siste åra kjennes på kroppen og dei tilsette er slitne. Sjølv om arbeidsmiljøet etter forhalda er bra må tiltak seijast i gang før dei tilsette «har gått tom». Ein treng styrkja bemanning og økonomi. Hausten 2019 blei det satt opp ein velferds komité. Ny administrasjon er opplagt av «open dør policy» der ein skal kunna fanga opp, og ta fatt i utfordringar etter kvart. Ein del kjennar på gammal frustrasjon etter tidlegare vanskeleg periode med konfliktar. Det er ein plan om at dei som måtte ha behov for det kan få tilbod om samtale med nokon frå BHT over nyttår, når me har ny leverandør av tenesta På sikt må det arbeidast mot regelmessige oppdateringar/møter

Ledelsens Gjennomgang

2019

Utsyrsbehov og vedlikehold:	Fakta:	Analyser og årsaker:	Tiltak:	
4a	<ul style="list-style-type: none"> Ytre Bygningsfasade 	<ul style="list-style-type: none"> Generelt dårlig forfatning, særleg tak. 	<ul style="list-style-type: none"> Manglande økonomi til vedlikehold 	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeide plan, samt kostnadsoverslag og framdriftsplan for å få eit trygt tak.
4c	<ul style="list-style-type: none"> Gangsti inn til bedrifta 	<ul style="list-style-type: none"> Har ikkje klart skilje mellom forgjengarar og trafikk. Har fått påpakning om dette frå NSO og brannvesen. Kostnadsoverslag for utbetring er ca 150.000 netto 	<ul style="list-style-type: none"> Ikkje utbetra pga dårleg økonomi 	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide mot å skaffa midlar til utbetring av avviket.
	<ul style="list-style-type: none"> Serviceavtalar på produksjonsutstyr 	<ul style="list-style-type: none"> Manglande serviceavtalar på produksjonsutstyr fører til kortare levetid då naudsynt vedlikehold ikkje blir utført. 	<ul style="list-style-type: none"> Manglar serviceavtalar då tidlegare leing ikkje har hatt økonomisk spelorum til å prioritera dette. 	<ul style="list-style-type: none"> Full gjennomgang av alt produksjonsutstyr og foreta ein evaluering på kva bedrifta vil vere tent med å inngå serviceavtalar på for å sikra lengst mogleg levetid. Arbeide mot å inngå serviceavtalar ved kjøp av nytt produksjonsutstyr der slik avtale vil vere kostnadseffektivt.
	<ul style="list-style-type: none"> Behov for nytt produksjonsutstyr 	<ul style="list-style-type: none"> Behov for ein del nytt produksjonsutstyr 	<ul style="list-style-type: none"> Dårleg likviditet gjer innkjøp av nytt produksjonsutstyr problematisk. Oppstart av evt ny type produksjon for å sikra tilpassa arbeidsoppgåver til alle på tiltak blir vanskeleg då det ikkje er midlar til nødvendig investering 	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide mot betre likviditet
	<ul style="list-style-type: none"> Skjerming av propangastank 	<ul style="list-style-type: none"> Mottatt avvik frå NSO, ref industrivernforeskrifta 	<ul style="list-style-type: none"> 	<ul style="list-style-type: none"> Bygging av mur til skjerming. Tiltak er iverksett og skal ferdigstillaast før 31.12.2019
	<ul style="list-style-type: none"> Tak over uteområde 	<ul style="list-style-type: none"> Mottatt avvik frå NSO, ref industrivernforeskrifta 	<ul style="list-style-type: none"> 	<ul style="list-style-type: none"> Fjerning av færig tak er utført og avviket er lukka. Arbeida mot å få midlar til å laga nytt tak.
	<ul style="list-style-type: none"> GSM – internett dekning 	<ul style="list-style-type: none"> Problem med effektivt arbeid i administrasjonen då både internett og telefoni til tider er svært dårleg Problem med stadige feilmeldingar på alarm tenesta (brann og tjuveri). Får feil-alarmer når systemet dekk ut pga manglande nett dekning. Dagleg tar m.fleire må rykka ut på kveld, natt og helg for å sjekka lokala. 	<ul style="list-style-type: none"> Lokalisasjon og murveggar gjev dårleg dekning 	<ul style="list-style-type: none"> Undersøja kva tilbod som er tilgjengeleg for å dekk lokala med dårleg dekning. Innhente prisoverslag. Alternative løysingar er ofte dyre og bedrifta må arbeide mot å finna midlar til å utbetring.

	Kunder: avtaler, kommunikasjon og omdømme	Fakta:	Analysar og årsaker:	Tiltak:
4a	<ul style="list-style-type: none"> NAV HAKS sin største kunde. Bestiller av AFT plassar Bestiller av Språktiltak 	<ul style="list-style-type: none"> Mottatt bekymringsmelding frå NAV på at dei ikkje er nøgd med oss som leverandør av AFT-tiltak. NAV skal i f avtale arbeide mot å nytta alle godkjente AFT plassar. Dette blir ikkje alltid gjort. Dagens avtale med kommunen på Stallege og Kjøpte VTA plasser, er ikkje oppdatert og etter HAKS si meining ikkje i tråd med gjeldande regelverk. 		<ul style="list-style-type: none"> Forhandle ny kontrakt på satsar VTA Tilsette ny utføringsleiar og gje vedkommande naudsynt verkøy og kompetanse til å ivareta AFT-tiltak i henhold til krav.
4c	<ul style="list-style-type: none"> Kvam Herad HAKS sin nest største kunde Bestiller av Tiltaksplassar VTA Bestiller av vaskerivtale for institusjonstøy - Helsevesenet 	<ul style="list-style-type: none"> Dagens avtale med kommunen på Stallege og Kjøpte VTA plasser er ikkje oppdatert og etter HAKS si meining ikkje i tråd med gjeldande regelverk 		<ul style="list-style-type: none"> Det har vore eit møte med kommunen for å starte prosessen med å forhandle fram ein ny avtale. Prosessen går tregt og det er ein utfordring å få tilbagemelding frå saksbehandler i kommunen. Arbeide mot å få på plass ein oppdatert avtale med gode nok % satsar som sikrar at HAKS kan ivareta brukarane i tråd med gjeldande krav

	Produktavvik og evt årsak til desse:	Fakta:	Analysar og årsaker:	Tiltak:
4a	<ul style="list-style-type: none"> Rapportering på tiltak 	<ul style="list-style-type: none"> Mottatt bekymringsmelding frå NAV på at dei ikkje er nøgd med rapportering på AFT. me må bli betre på rapportering på dei andre tiltaka også. 	<ul style="list-style-type: none"> Manglande kompetanse samt manglande ressursar 	<ul style="list-style-type: none"> Auka kompetanse og ressursar/bemanning.
4c	<ul style="list-style-type: none"> Oppfølging av tilsette på VTA 	<ul style="list-style-type: none"> Fleire av dei tilsette på VTA tiltak får ikkje god nok oppfølging av avdelingsleiar/instruktør. 	<ul style="list-style-type: none"> For få ordinært tilsette til at det er mogeleg å fylja opp alle godt nok. Dei som tidlegare hadde helsefagleg utdanning vart sagt opp for nokre år sidan og etter det har den kunnskapen mangla ved bedrifta og det har ikkje vore økonomi til å auka bemanninga. 	<ul style="list-style-type: none"> Auka bemanning på dei ulike avdelingane, samt tilsette nokon med helsefagleg utdanning.
	<ul style="list-style-type: none"> Meningsfylte arbeidsoppgåver 	<ul style="list-style-type: none"> Kundar som tidlegare har levert papir til makulering og andre oppgåver som pakking for vår teneste Utfordrande å finna nye meningsfylte oppgåver til dei svakaste brukarane på VTA tiltak 		<ul style="list-style-type: none"> Arbeide mot å finne nye kundar, tenke kreativt på nye typar oppgåver/arbeid Auka kompetanse rja avdelingsleiar/instruktør innan fagområdet – aktivtør Markedstørta oss godt nok så me når ut til nye kundar Hente idear frå våre søsterbedrifter

Ledelsens Gjennomgang

2019

	Leverandører / underentreprenører / erfaringer	Fakta:	Analysar og årsaker:	Tiltak:
5a	Strøm - Avtale med Eneas	<ul style="list-style-type: none"> Gjeldande Tilslutningsavtale inngått med Eneas om samkjøp av kraft gjelder til 20.01.2022 	<ul style="list-style-type: none"> Bindingstid på gjeldande avtale gjer det vanskeleg å skifte til ein rimelegare leverandør Skifte av straum leverandør og iverksetjing av div ENØK tiltak kan redusera bedriftas straum kostnad med ca 25 %. Det vil krevja ein investering på ca 225.000 	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide mot å ha klar kostnadsoverslag og plan for skifte av leverandør ved kontaktens utløp.. Arbeide mot å skaffe midlar til ENØK tiltak som på sikt vil gje redusert forbruk og dermed mindre kostnad.
5b	Rekneskap <ul style="list-style-type: none"> Skifte av leverandør frå Kemax til Vekstra pr 1.1.2019 	<ul style="list-style-type: none"> Tidlegare leverandør av tenesta leverte ikkje tilfredsstillande og det blei fatta vedtak om å skifte rekneskapskontor frå 1.1.19. 	<ul style="list-style-type: none"> Overgangen til nytt rekneskapskontor har gått svært greitt spesielt med tanke på den korte tida ein hadde til å planleggja og implementera endringa. Skifte av rekneskapsføra har gjeve redusert kostnad til rekneskap. Bette etter skifte rekneskap og kontroll , samt utarbeide rutinar for oppfylgning av dei aktuelle leverandørane. 	<ul style="list-style-type: none"> Skifte gjennomført frå nyttår. Verksemda har igjen kontroll over økonomi og rekneskap. Nytt rekneskapskontor leverer svært bra og kontakt mellom selskapet og Vekstra fungerer bra. Nokre avvik og kommentarar frå revisor etter sist revisjon er framleis ikkje lukka. Blant anna kundefordringar. Arbeide mot å lukka disse avvika
5c	BHT	<ul style="list-style-type: none"> Dagens avtale er med Salutis HMS AS i Bergen. Avtalen er sagt opp med verknad frå 1. januar 2020 	<ul style="list-style-type: none"> BHT har vore lite brukt dei siste åra. Tungvint då det blir for stor avstand. 	<ul style="list-style-type: none"> Avtalen blei sagt opp i januar. Oppseingstid gjer at ny avtale kan gjelda frå 1. januar 2020. Har brukt 2019 til å ha førstehjelpskurs og hjartestartkurs for dei ordinært tilsette. hjartestartkurs. Det bli og tilbod om influensavaksine i november Dialog er starta med lokal leverandør av BHT med sikte på å laga ny avtale frå 1. jan 20.
5d	Leverandørar med «skipptak» fakturering	<ul style="list-style-type: none"> Nokre leverandørar som Petter Tellefsen og Kvam Elektro er sein med å senda ut faktura 	<ul style="list-style-type: none"> Selskapets dårlege likviditet, samt for dårleg innarbeida rutinar for kontroll ved gjennomføring av nye prosjekt kan føre til overraskelser i form av uventa rekningar. 	<ul style="list-style-type: none"> Må innarbeida rutinar som sikar full kontroll ved iverksetjing av framtidige prosjekt.

Dyktse 30.10.2019

Quilth
Charbelwase



MØTEREFERAT

Agenda:	VTA – Medfinansiering	Møtedato:	07.08.2019
Møteleiar:	Øyvind Aksnes	Tid:	13:00 – 14:00
Referent:	Ona Marie Waage	Ref.dato:	09.08.2019
		Møtestad:	Hardanger AKS as - Møterom

Møtt:

Helse og Omsorgssjef i Kvam Herad (HO-sjef)
 Leiar NAV Kvam – ~~_____~~
 Dagleg Leiar Hardanger AKS AS – Øyvind Aksnes
 Administrasjonsleiar Hardanger AKS AS – Ona Marie Waage

Formål med møtet: Kommunal Medfinansiering VTA – Ny avtale, plan på fastsetjing av differensierte satsar og møteplan vidare

Øyvind Aksnes starta møtet med å ynskja velkommen.

Gjeldande avtale om kommunal medfinansiering av statlege og kjøpte plassar for tiltaket VTA er fleire år gamal. Hardanger AKS as (heretter: HAKS), ynskjer ein ny avtale der presentsats/beløp for medfinansiering er evaluert, og der grunnlaget for avgjerda om differensiert-presentsats/beløp enten er tatt med i avtalen, eller kjem fram av eit vedlegg til avtalen. Ein foreslår å bruka ASVL sin mal for avtale (vedlegg 1).

HAKS meiner at dagens avtale har for lav presentsats/beløp på medfinansiering og at det er naudsynt med ein ny avtale der det totale behovet for bistand og tilrettelegging blir kartlagt. Øyvind Aksnes viser til fleire kjelder for å underbyggja kravet om ny oppdatert avtale. Ref. tiltaksforskrifta § 14-8 skal kommunalt tilskotet utgjere minst 25 % av det statlege driftstilskotet. Ifølge Informasjonssjef Flemming Trondsen i ASVL viser tal frå 2018 at i kommunar med dagsenter og/eller aktivitetssenter er gjennomsnittleg sats på medfinansiering 37%. Tilsvarende tal for kommunar utan dagsenter og/eller aktivitetssenter er 53 %. Dersom tyngre målgrupper skal inn i VTA tiltak er det grunn til å anta at satsen må vera ein del høgare enn 125 % av dagens statlege sats. Høgast sats for kommunal medfinansiering er 137 % (ref. rapport utarbeida av Econ Pöyry for Arbeidsdepartementet – R-2011-025 – s 70: «Differensierte satsar for varig tilrettelagt arbeid (VTA)»).

Øyvind Aksnes påpeikar at avtalen om medfinansiering skal vera i tråd med arbeidstakarens bistandsbehov. Kriteria for fastsetjing av presentsats er bistandsbehov, tilretteleggingsbehov og diagnose. HAKS har mange på VTA tiltak som har eit høgt behov for bistand og tilpassing. For låge satsar gjer at det ikkje er økonomisk forsvarleg med auka bemanning, noko som er naudsynt for å kunna fylja opp kvar enkelt brukar på ein god og forsvarleg måte, og i tråd med gjeldande regelverk.

Øyvind Aksnes foreslår ein avtale der ein einast om ein sats på minimum 53 % (tilsvarende lands gjennomsnittet for kommunar utan dagsenter og/eller aktivitetssenter). Han peikar på at ein individuell vurdering av kvar brukar kan vera svært tidkrevjande og med mange som har eit høgt behov for bistand og tilrettelegging vil 53 % vere ein god avtale for kommunen.

HO-sjef i sa at noverande avtale ikkje var sagt opp og at kommunen rekna den som gjeldande. Ho påpeika vidare at dersom ein skal ha ny avtale og endring i satsar, så må det takast med i haustens budsjettarbeid. Ein eventuell ny avtale kan derfor tidlegast gjerast gjeldande frå 1. januar 2020

HO-sjef i og NAV Lønn i tar med seg punkta frå møtet til intern behandling i kommunen. Etter å ha klarlagt om det skal gjerast avtale om ny kontrakt, må ein ta stilling til om det skal vera ein snittvurdering som skal leggjast til grunn for avtalt sats, eller om ein ynskjer individuell vurdering. Vidare er det ifølge HO-sjef fleire som meiner at dei kjøpte VTA plassane er kostnadskrevjande for kommunen, og dei må ta stilling til om dei ynskjer å sei opp avtalen for dei kjøpte plassane og overføra brukarane til eksisterande dagsenter. HO-sjef vil venta med å avtala dato for nytt møte då ho treng tid for å få saka handsama i kommunen.

Øyvind Aksnes avsluttar med at HAKS sjølv sagt har forståing for at det kan ta nokre månader før ny avtale kan gjerast gjeldande, og at det nettopp er derfor HAKS har bedt om møte no slik at det kan implementerast i haustens budsjettarbeid. Vidare peikar han på at med mindre kommunen har ledig kapasitet på eit ferdig dagsenter tilpassa denne brukargruppa, så vil kjøpte VTA plassar vera langt billigare for kommunen enn å opprette dagsenter-plassar. Han nemner og at HAKS for tida har 4 personar på venteliste på VTA plass. Naturleg avgang vil frigje ein plass i januar 2020, deretter er det 5 år til neste ledige plass ved naturleg avgang. HAKS har kapasitet til å ta inn alle på venteliste dersom kommunen ynskjer kjøpa fleire plassar.

HAKS ber kommunen ta kontakt så snart som mogeleg for å avtale tidspunkt for neste møte.

Øystese, 09.08.2019
Ona Marie Waage
referent

Vedlegg: ASVL mal for avtale om kommunal medfinansiering

Kopi:
Styreleiar Hardanger AKS AS, Nils Skaar
Ordførar Kvam Herad, Jostein Ljones
Rådmann Kvam Herad, Anita Hesthamar

**AVTALE OM MEDFINANSIERING M.V. VEDRØRENDE TILTAKET "VARIG
TILRETTELAGT ARBEID" I SKJERMET VIRKSOMHET (VTA), jf. Forskrift om
arbeidsmarkedstiltak (tiltaksforskriften) § 14 med underpunkter**

mellom

Tiltaksbedrift

og

**NN Kommune (heretter kalt
Kommunen)**

1. BAKGRUNN

Forskriften § 14-1. Varig tilrettelagt arbeid (VTA) skal tilby personer arbeid i en skjernet virksomhet, med arbeidsoppgaver tilpasset den enkeltes arbeidsevne. Arbeidet skal bidra til å utvikle ressurser hos deltakerne gjennom kvalifisering og tilrettelagte arbeidsoppgaver.

Forskriften § 14-3. Tiltaket er rettet mot personer som har eller i nær fremtid ventes å få innvilget varig uførepensjon etter folketrygdloven, og som har behov for spesiell tilrettelegging og tett oppfølging. Andre arbeidsrettede tiltak skal være vurdert og funnet å være uaktuelle.

1. AVTALE OM MEDFINANSIERING

Forskriften § 14-8..

Tiltaksarrangøren mottar et kommunalt tilskudd som skal utgjøre minst 25 prosent av det statlige driftstilskuddet. Tilskuddet betales av deltakernes bostedskommune i henhold til lov av 16. januar 1970 om folkeregistrering.

Avtalen om medfinansiering gjelder de VTA-plassene som tiltaksbedriften har godkjent pr. avtaledato.

Ansvar for å opprette medfinansieringsavtale ligger hos tiltaksbedriften.

Kommunen kan, etter avtale med tiltaksbedriften, øke medfinansieringssatsen i henhold til den enkelte arbeidstakerens behov for utvidet tilrettelegging eller oppfølging.

Medfinansieringssatsen i denne avtale er satt til% av den til en hver tid gjeldende statlige faste støttesats. Minimum 25%. Som vedlegg til avtalen skal det utarbeides en deltakeroversikt som viser en evt differensiering i støttesats pr deltaker.

Denne avtalen er ikke til hinder for at antallet godkjente plasser i tiltaksbedriften kan utvides. En slik utvidelse avtales nærmere mellom NAV, tiltaksbedriften og kommunen.

Dersom behovet for det godkjente antall plasser ikke lenger er til stede, skal NAV varsle tiltaksbedriften og kommunen om endring av antallet plasser med minst 6 – seks – måneders varsel.

NAV kan kreve foretatt de endringer i avtalen som er nødvendig ut fra endrede behov, politiske forhold eller andre forhold av betydning for NAV.

Tiltaksbedriften ved eierne forplikter seg til at tiltaket VTA drives i henhold til gjeldende regelverk. Den enkelte deltakers bostedskommune på sin side forplikter seg til medfinansiering iht denne avtalen.

Dersom dette ikke skjer, vil NAV med seks måneders varsel kunne redusere eller stanse det økonomiske tilskuddet til tiltaksbedriften, eller trekke tilbake godkjenningen av tiltaksbedriften som støtteberettiget bedrift, jfr. forskriftens § 1-12. I slike tilfelle kan avtalen sies opp med 6 - seks måneders varsel.

Avtalen gjelder fraog avløser tidligere avtale mellom ogkommune, datert

Dersom en av partene ønsker å si opp denne avtalen, må oppsigelse skje skriftlig. Oppsigelsestiden er 12 – tolv – måneder.

Sted / dato

.....
Ordfører/rådmann
NN kommune

.....
Daglig Leder
Tiltaksbedrift

1. NAVs TILTREDELSE AV AVTALEN

NAV lokalt er gjort kjent med ovenstående avtale som er inngått mellom tiltaksbedriften og brukerens bostedskommune.

Sted / dato

NAV leder

.....
Tittel/ Navn NAV lokal /fylke

Denne avtale er utstedt i 3 likelydende eksemplarer, hvorav partene beholder hvert sitt eksemplar.
Avtalen består av (.....3) sider

NR	Forslagsstiller	Tittel	Kort forklaring	Økonomisk Netto-effekt 2020	Økonomisk Netto-effekt 2021	Økonomisk Netto-effekt 2022	Økonomisk Netto-effekt 2023	Ø=avslag, R=rammeutviding i bud.framlegg, E=vurderast innanfor ramma, E=eiga sak
1	Adm	Kvalitetskoordinator	Kvalitetskoordinatorstilling	0	0	950 000	950 000	R
			IT: Reduserte inntekter -avtale med Jondal går ut + tilskot velfersteknologi	450 000	450 000	450 000	450 000	R
2	Adm	Reduserte inntekter IT	IT: Auka lisensar pga valutasingingar 5-10% (5%=200 000...)	200 000	200 000	200 000	200 000	R
3	Adm	Auke IT lisensar	IT: kjøpe ut eksisterande skrivarar 10-15 stk, erstatta med Lindbak	200 000	0	0	0	0
4	Adm	Kjøpe ut skrivarar	Båtøyving Hardangerrådet - turistbåtruta	50 000	50 000	50 000	50 000	R
5	Adm	Turistbåtruta	Legetenesta: Miljøretta helsevern	150 000	150 000	150 000	150 000	I
6	Helse og omsorg - Legeteneste	Kurativ Legeteneste	Legetenesta: 8% stillingsauke	91 000	91 000	91 000	91 000	I
7	Helse og omsorg - Legeteneste	Kurativ Legeteneste	Interkommunal legevakt	70 000	70 000	70 000	70 000	R
8	Helse og omsorg - Legeteneste	Kurativ Legeteneste	NAV: Evaluerer integreringsplan og korleis tenestetilbodet til flyktningar er organisert	0	0	0	0	E
9	NAV	NAV - Flyktningar	Ekstramidler utover fast bemanning: Strandebarm.	1 652 000	1 652 000	1 652 000	1 652 000	I
10	Helse og omsorg - Pleie og omsorg	PLO -ekstramidler	Treng 2,36 årsverk utover ramma.	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	E
			NAV: Hardanger AKS ber om auka medfinansiering på 1 400 000. PLO skal gjera ind vurderingar på kjøp av plassar frå HAKS, og vurdere tilskot.	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	E
11	Helse og omsorg - Pleie og omsorg	PLO - tilskot HAKS	Ekstramidlar utover fast bemanning: Rabben - ressurskrevjande brukar 1,57 årsverk ekstra	1 099 000	1 099 000	1 099 000	1 099 999	I
12	Helse og omsorg - Pleie og omsorg	PLO -ekstramidler	Ekstramidler utover fast bemanning: Mikkjelsflaten - ressurskrevjande brukar 2,28 stilling	905 000	905 000	905 000	905 000	I
13	Helse og omsorg - Pleie og omsorg	PLO -ekstramidler	Ekstramidler utover fast bemanning: Utsikten - ressurskrevjande brukar 1,65 stilling	905 000	905 000	905 000	905 000	I
14	Helse og omsorg - Pleie og omsorg	PLO -ekstramidler	Pleie og omsorg: Overtid	700 000	700 000	700 000	700 000	I
15	Helse og omsorg - Pleie og omsorg	PLO -ekstramidler	Ekstramidler utover fast bemanning: Øysteseheimen gr 2- ressurskrevjande brukar	560 000	560 000	560 000	560 000	I
16	Helse og omsorg - Pleie og omsorg	PLO -ekstramidler	Ekstramidlar utover fast bemanning: Toloheimen gr 3 Vest. Treng 0,59 utover ramma på ekstrahjelp.	350 000	350 000	350 000	350 000	I
17	Helse og omsorg - Pleie og omsorg	PLO -ekstramidler	Ekstramidler utover fast bemanning: Tolo Omsorg gr 1 - 0,33 stilling til ekstrahjelp.	231 000	231 000	231 000	231 000	I
18	Helse og omsorg - Pleie og omsorg	PLO -ekstramidler	Rammejustering ihenhold til statsbudsjett	165 000	165 000	165 000	165 000	R
19	Kyrkja	Rammejustering	Støtte til drift av digitalt sak/arkivsystem	120 000	120 000	120 000	120 000	I
20	Kyrkja	Digitalt sak/arkivsystem	Eigenfinansiering Diakonistøtte	70 000	70 000	70 000	70 000	I
21	Kyrkja	Diakonistøtte						



Saknr: 2019/42-7
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	21/20	16.03.2020

Bestilling av forvaltningsrevisjon**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 27.04.2020.
4. Prosjektplanen skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste forvaltningsrevisjon skal gjennomførast innan.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 70/18 i møte 27.08.2018:

«Kontrollutvalet godkjenner revidert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 slik den ligg føre.»

Av den reviderte planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 12 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. *Oppfølgingstenesta (OT)*
2. *Bybanen utbygging – er gjennomført*
3. *Psykososialt læringsmiljø*
4. *Innkjøp*
5. *Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel*
6. *Informasjonstryggleik*
7. *Beredskap på veg 2 – er gjennomført*
8. *Etterleving av barnekonvensjonen*
9. *Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) – er gjennomført*
10. *Etikk, habilitet og fullmakter*
11. *Krav til timetal i vidaregåande opplæring*
12. *Økonomistyring og etterleving av budsjett i skulane*

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak 33/18 i møte 19.10.2018:

«Fylkestinget vedtek rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 - 2020 slik den ligg føre.»

Av den reviderte planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 7 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. *Tilpassa opplæring og spesialundervisning*
2. *Informasjonstryggleik*
3. *Mobbing/psykososialt læringsmiljø*
4. *Havbruk og fiskeri*
5. *Oppfølging av lærlingar og lærebedrifter*
6. *Digitale verktøy og digital kompetanse*
7. *Tunneltryggleik*

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommuneloven § 23-3.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av at dei bestilte prosjekta no snart er ferdig gjennomført er det tid for at kontrollutvalet bør vurderer kva nye prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det eller dei nye prosjekta for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Som vi ser av dei gjeldande planane for Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er det 2 prosjekt som går igjen i begge planane. Slik sekretariatet ser det kan desse 2 prosjekta vera relevante for Vestland fylkeskommune å få gjennomført forvaltningsrevisjon innan:

- Psykososialt læringsmiljø / Mobbing/psykososialt læringsmiljø
- Informasjonstryggleik

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksling på omtale av dei aktuelle prosjekta, slik det kjem fram i dei reviderte planane for forvaltningsrevisjon, og analysedokumentata som ligg til grunn for dei:

Nr.	Prosjekt	Tema
2 SFFK 6 HFK	Informasjonstryggleik	<ul style="list-style-type: none"> • Styringssystem • System og rutinar • Oversikt over personopplysningar <p><u>Hordaland fylkeskommune - Analysedokument:</u> Den nye personvernlova (GDPR) blir implementert i Noreg i mai 2018. Dei nye reglane medfører at alle kommunar og fylkeskommunar får fleire og strengare plikter enn tidlegare.</p> <p>Det går fram av årsmelding 2016 at ein ny IT-strategi er under utarbeiding, og at ei sentral føring for denne er personvern og trygg forvaltning av system som handsamar personopplysningar. Vidare går det fram at fylkeskommunen har eige personvernombod.</p> <p>Fylkeskommunen har pågåande eit GDPR-prosjekt, der det blir arbeid med tilpassingar til den nye personvernlova. I intervju blir det peika på at endringane er omfattande, og at risikoane knytt til dette framleis er høgst reelle. Revisjonen vurderer derfor risikoen å framleis vere høg på dette området.</p> <p><u>Sogn og Fjordane fylkeskommune - Analysedokument:</u> Den nye personvernlova (GDPR) blir implementert i Noreg i mai 2018. Dei nye reglane medfører at alle kommunar og fylkeskommunar får fleire og strengare plikter enn tidlegare.</p> <p>Fylkes kommunen har pågåande eit omfattande GDPR - prosjekt. Fleire av momenta i det nye regelverket er allereie på plass (personvernombod saman med Hordaland fylkeskommune og sertifiseringar av IKT - tenesta).</p> <p>Dei er i prosess med å etablere eit verktøy for å halde oversikt over personopplysningar som blir handsama i fylkeskommunen.</p> <p>Dei nye krava er strenge, og endringane som må gjerast for å imøtekome desse er omfattande, så revisjonen vurderer risikoen på dette området som høg.</p>
3 SFFK 3 HFK	Mobbing/psykososialt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Førebygging • Kartlegging • Oppfølging <p><u>Hordaland fylkeskommune - Analysedokument:</u> Mobbeombodet i Hordaland blei tilsett i ei toårig prosjektordning hausten 2015. Ombodet fekk 27 saker frå elevar i vidaregåande skule og frå lærlingar i 2016.</p> <p>Nytt kapittel 9 A i opplæringslova lovfestar nulltoleranse mot mobbing i skulen, og skjerpar inn aktivitetsplikta til skulane. Det blir opplyst at fylkeskommunen har justert interne retningslinjer, og at dei har hatt interne kurs knytt til endringane i loven.</p> <p>Endringane i opplæringslova er likevel so omfattande at risikonivået på området blir vurdert å vere høgare i dag enn i 2016.</p> <p><u>Sogn og Fjordane fylkeskommune - Analysedokument:</u> Nytt kapittel 9 A i opplæringslova lovfestar nulltoleranse mot mobbing i skulen, og skjerpar inn aktivitetsplikta til skulane.</p> <p>Endringa i lova har ifølgje fylkeskommunen ført til auka merksemd knytt til mobbeproblematikk. Vidare skal fylkeskommunen følgje opp kravet frå regjeringa om å tilsette eit eget mobbeombod. Endringane i opplæringslova er omfattande, og pålegg fylkeskommunen skjerpa pliktar. Revisjonen vurderer difor risikoen på området som høg .</p>

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Prosjektplanen vert å levere sekretariatet innan 27.04.2020 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Saknr: 2020/42823-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	22/20	16.03.2020

Handlingsplan - Selskapskontroll av Bybanen AS**Forslag til vedtak**

- A1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet **Bybanen AS** har gjennomført i samband med selskapskontroll av Bybanen AS.
 - A2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av alle punkta i denne selskapskontrollen til første møte i utvalet etter sumarferien 2020.
 - A3. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon på det som er gjort for alle dei gjennomførte forbetringane.
 - A4. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 19.08.2020.
-
- B1. Kontrollutvalet registrerer at handlingsplan frå **fylkesrådmannen** ikkje vart levert sekretariatet innan fristen 01.03.2020.
 - B2. Kontrollutvalet ber om at handlingsplanen vert levert slik at den kan handsamast i neste møte i utvalet.
 - B3. Handlingsplanen vert å levere sekretariatet seinast innan 20.03.2020.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si første oppfølging av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 01.10.2019 når det gjeld selskapskontroll av Bybanen AS.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjever

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak 67/19 i møte 01.10.2019:

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** om å syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
4. Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **selskapet** om å:

1. Utarbeide ein styreinstruks
2. Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
3. Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutinane for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
4. Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen
5. Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
 - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
5805 Bergen

Besøksadresse
Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no
www.klagenemndssekretariatet.no

- (6) Kriteriet «Oppdragsforståing» var inndelt i underkriteriene «Finansiell handel» og «Fysisk uttak». Under førstnevnte underkriterium skulle leverandørene redegjøre for hvordan «den vedtekne risiko-/prisstrategi vert sett i verk og korleis endringar [av] føresetnadar vert handtert i avtaleperioden. Sistnevnte kriterium skulle dokumenteres ved en redegjørelse av «rutinar og prosedyrar i samband med uttak av konsesjonskraft».
- (7) I kravspesifikasjonen, under punktet «Samordning og organisering av konsesjonskraftforvaltninga», het det blant annet at leverandøren «skal utarbeide forslag til alternative strategiar for forvaltning av krafta. LEVERANDØREN skal i samarbeid med VLFK fastlegge strategi for handtering av risiko i samband med den finansielle forvaltninga. VLFK skal godkjenne strategi før den vert sett i verk. Målet med val av strategi er å gje VLFK størst mogleg fortjeneste innafor definerte risikorammer».
- (8) Under punktet «Strategi», fremgikk det blant annet at leverandøren skal «løypande gjere VLFK merksam på utvikling i marknaden som krev handling (relatert til overordna målsetting) eller endring av strategien». I tillegg skulle leverandøren «gjere rapport/sluttsetel tilgjengeleg på det tidspunkt det vert gjennomført finansielle transaksjoner».
- (9) En av klagerne stilte følgende spørsmål til innklagede 24. juli 2019:
«Skal oppdragsgiver være egen aktør på NordPool¹ og Nasdaq²?».
- (10) Spørsmålet ble besvart den 30. juli 2019:
*«Pr i dag er Sogn og Fjordane fylkeskommune aktør på Nord Pool og Nasdaq. Hordaland fylkeskommune er ikke egen aktør på Nord Pool og Nasdaq.

Hva som blir løsningen for Vestland fylkeskommune fra 1.1.2020 vil være avhengig av hvordan konseptet til den tilbyderer som får tildelt kontrakten er».*
- (11) Innen fristen mottok innklagede seks tilbud. Ett av disse var fra Kinect Energy Spot AS. Av leverandørens tilbud fremgikk det at man hadde tilbudt å betale 3.875.000 kroner per år til innklagede om man ble tildelt kontrakten. De øvrige tilbudene var fra Ishavskraft AS, Entelios AS, Fjordkraft AS, Energisalg Norge AS og Markedskraft AS (heretter klagerne).
- (12) Av Kinect Energy Spot AS sitt tilbud, fremgikk blant annet følgende:
*«Alle handlene blir registrert på VLFK sin portefølje i dette systemet.

[...]

Kinect Energy vil sende handelsbekreftelser for alle finansielle handler. KE benytter Risk Management systemet Elviz fra Brady for håndtering av finansielle kontrakter (ETRM system). Alle handlene blir registrert på VLFK sin portefølje i dette systemet. VLFK vil i*

¹ Et aksjeselskap som eies av nordiske og baltiske stamnettoperator, deriblant Statnett SF. Fysisk krafthandel foregår her.

² Et amerikansk elektronisk aksjemarked. Finansiell krafthandel foregår her.

tillegg finne komplett oversikt over alle handler på WEB-rapporteringsplattformen KE Online».

- (13) Ved brev av 17. september 2019 ble leverandørene underrettet om at kontrakt hadde blitt tildelt Kinect Energy Spot AS (heretter *valgte leverandør*).
- (14) Klagerne anmodet innklagede ved e-post av 4. oktober 2019 om å klargjøre premissene for valgte leverandørs prissetting. Den 23. oktober 2019 ble anmodningen besvart i form av en vedlagt redegjørelse fra valgte leverandør. Følgende siteres fra denne:

«Vi ønsker å presisere to ting; handel på en leverandørs bok er bilateral handel, og det er først når Kinect fordeler posisjonene at det forekommer en handel mellom VLFK og Kinect. Det er denne handelen som blir rapportert og bekreftet i handelsbekreftelsen. Kinect rapporterer all[e] handlene via web (Kinect Online), oppdateres daglig, i tillegg vil alle handelsbekreftelsene inneholde referanse til handelsdag, pris og volum. Disse dataene er transparente og kan kontrolleres kontinuerlig av kunden.

[...]

Kinect bekrefter at vi vil:

- Gi VLFK størst mulig fortjeneste innenfor definerte risikorammer*
- Genere rapport/sluttseddel på det tidspunkt det blir gjennomført finansielle transaksjoner for VLFK».*

- (15) Klagerne brakte saken inn for Klagenemnda for offentlige anskaffelser 1. november 2019.
- (16) Innklagede har opplyst at kontraktsinngåelse er utsatt i påvente av klagenemndas behandling av klagen. Saken er derfor prioritert.
- (17) Nemndsmøte i saken ble avholdt 16. desember 2019.

Anførsler:

Klager har i det vesentlige anført:

- (18) Innklagede har avlysningsplikt på grunnlag av et uklart konkurransegrunnlag. Denne feilen har hatt betydning for utformingen av tilbudene, noe som også potensielt har påvirket konkurransens utfall. Kravet om tidspunktet for rapportering har av alle klagerne blitt forstått som et krav om transparens, i den betydning at det skulle sikre oppdragiver mot at leverandøren spekulerer i markedet på en måte som kan gi mergevinster på oppdragsgivers bekostning. En mergevinst for leverandøren kan oppnås dersom rapportering ikke skjer umiddelbart etter hver handel, men først når leverandøren fordeler posisjonene mellom klientene. Krav om transparens ved rapportering stilles regelmessig i forvalteravtaler.
- (19) Dersom konkurransegrunnlaget skal kunne anses klart, må det være med det innhold som klagerne har lagt til grunn. I så fall må valgte leverandørs tilbud avvises fra konkurransen fordi det utgjør et vesentlig avvik fra anskaffelsesdokumentene at rapportering skjer først ved handelsdagens slutt, jf. forskriften § 24-8 første ledd bokstav b.

Innklagede har i det vesentlige anført:

- (20) Det bestrides at konkurransegrunnlaget er uklart. Anskaffelsesdokumentene stiller ikke krav til hvilken forvaltningsmodell leverandørene skal benytte, og stiller bare overordnede krav til rapportering og utstedelse av sluttseddel.
- (21) Under enhver omstendighet har ikke en eventuell uklarhet hatt innvirkning på konkurransens utfall. Det foreligger dermed ikke saklig grunnlag for avlysning av konkurransen. I alle tilfelle har ikke innklagede en plikt til å avlyse konkurransen.

Klagenemndas vurdering:

- (22) Klagerne har deltatt i konkurransen, og har saklig klageinteresse, jf. forskrift om klagenemnd for offentlige anskaffelser § 6. Klagen er rettidig. Konkurransen gjelder forvaltning av konsesjonskraft, som er en tjenesteanskaffelse. Anskaffelsens verdi er estimert til totalt to millioner kroner, inklusiv opsjonstiden. I tillegg til lov om offentlige anskaffelser 17. juni 2016 nr. 73 følger anskaffelsen forskrift om offentlige anskaffelser 12. august 2016 nr. 974 del I og III, jf. forskriften §§ 5-1 og 5-3.

Feil i/uklart konkurransegrunnlag

- (23) Klagerne anfører at kravet om å «gjere rapport/sluttsetel tilgjengeleg på det tidspunkt det vert gjennomført finansielle transaksjoner» er uklart. Klagerne fremholder at denne uklarheten kan ha fått betydning for konkurransens utfall.
- (24) Klagenemnda har i en rekke saker uttalt at konkurransegrunnlaget må utformes på en klar og utvetydig måte, jf. eksempelvis sak 2017/140. Dette innebærer et krav om at konkurransegrunnlaget utformes slik at det for en alminnelig aktsom leverandør fremstår som klart hva det skal leveres tilbud på og hvordan dette skal gjøres, og at konkurransegrunnlaget inneholder tilstrekkelige opplysninger til at leverandørene har et forsvarlig grunnlag for å levere tilbud.
- (25) Ifølge klagerne var det naturlig å forstå kravet om å «gjere rapport/sluttsetel tilgjengeleg på det tidspunkt det vert gjennomført finansielle transaksjoner», som et krav om umiddelbar rapportering etter hver handel på Nasdaq. Klagerne har fremhevet at kravet må forstås slik for å sikre transparens og likebehandling. Dersom forvalteren ikke skal rapportere de enkelte transaksjoner på Nasdaq, vil forvalteren kunne tilordne posisjonene til forskjellige klienter ved handelsdagens slutt. Dette gir mulighet for å fordele gunstige posisjoner til forvalteren selv eller prefererte klienter (såkalt «backtrading»).
- (26) Innklagede har på sin side fremholdt at ved samleporteføljer gjennomføres det ikke noen «transaksjon» mellom innklagede og forvalteren før det tidspunktet forvalteren fordeler oppgjøret på klientene i kundeporteføljen. Dette legger til rette for en rettferdig behandling av klientene i porteføljen, noe som sikrer likebehandling av klientene. Etter sluttoppgjøret kan den enkelte klients forholdsmessige volum knyttes opp mot spesifikke transaksjoner på Nasdaq, slik at det i etterkant enkelt kan «konstrueres transparens» med hensyn til sikret volum og pris i henhold til handelstidspunkt. Ifølge innklagede, er dette en vanlig praksis ved forvaltning av samleporteføljer. Innklagede har fremhevet at det heller ikke er riktig at valgte leverandør er den eneste av deltakerne i konkurransen som ikke har forpliktet seg til å levere rapport umiddelbart etter handelen på Nasdaq.

- (27) Tolkningsspørsmålet i saken er hva som utgjør «*finansielle transaksjoner*», som leverandøren i henhold til konkurransegrunnlaget må kunne dokumentere med rapport/sluttseddel på det tidspunkt de er «*gjennomført*».
- (28) I fortolkningen av konkurransegrunnlaget må det tas utgangspunkt i ordlyden, men det kan være nødvendig å se kravet i lys av konkurransedokumentene for øvrig og hva anskaffelsen faktisk gjelder.
- (29) Konkurransegrunnlaget inneholder ingen nærmere definisjon av hva som menes med «*finansielle transaksjoner*», og nemnda kan heller ikke se at det eksisterer noen omforent definisjon i norsk rett som kan kaste lys over tolkningen. I finansavtaleloven § 12 bokstav a) er «*betalingstransaksjon*» definert som «*en handling som iverksettes av en betaler eller betalingsmottaker for å innbetale, overføre eller ta ut midler, uten hensyn til eventuelle underliggende forpliktelser mellom betaleren og betalingsmottakeren*», mens hvitvaskingsloven § 2 bokstav d) definerer «*transaksjon*» som «*enhver overføring, formidling, ombytting eller plassering av formuesgoder*».
- (30) Etter klagenemndas syn er det nærliggende å forstå konkurransegrunnlaget slik som klagerne har forstått det: I tilfeller hvor innklagedes konsesjonskraft selges via Nasdaq, er det den enkelte handelen som utgjør en «*finansiell transaksjon*» i konkurransegrunnlagets forstand.
- (31) Slik saken er opplyst for klagenemnda, er det ikke noe som tyder på at valgte leverandør handler for egen regning og risiko på Nasdaq. Nemnda har derfor vanskelig for å følge innklagedes og valgte leverandørs oppfatning av at en transaksjon i konkurransegrunnlagets forstand først gjennomføres når de ulike handlene fordeles på de ulike klientene i porteføljen ved handelsdagens slutt. Denne etterfølgende fordelingen fremstår som et internt forhold mellom innklagede og valgte leverandør, uavhengig av handlene som i løpet av dagen er gjennomført på Nasdaq. Det er ikke nærliggende å lese konkurransegrunnlaget slik at det er denne etterfølgende fordelingen som er transaksjonene det kreves dokumentasjon av.
- (32) Klagenemnda viser i denne sammenheng til at innklagede ikke har imøtegått klagernes påstand om at det er fullt mulig å rapportere enkelthandler på Nasdaq, uavhengig av hvilken type portefølje man forvalter. Den omstendighet at konkurransegrunnlaget legger opp til en fleksibel tilnærming hvor leverandørene også kunne tilby porteføljeforvaltning, er derfor ikke noe avgjørende argument for hva som utgjør en rapporteringspliktig finansiell transaksjon i konkurransegrunnlagets forstand.
- (33) Klagenemnda ser imidlertid at det også kan argumenteres for den forståelsen av konkurransegrunnlaget som innklagede selv gjør gjeldende, og som også valgte leverandør forutsetningsvis har lagt til grunn. Det synes uomtvistet at konkurransedokumentene, lest i sammenheng, åpner opp for tilbud om porteføljeforvaltning. Nemnda har ikke grunnlag for å mene noe om utbredelsen av valgte leverandørs modell med fordeling av dagens handler på klientene i porteføljen ved handelsdagens slutt, men ser at det etter omstendighetene kan være en hensiktsmessig løsning for å sikre likebehandling av klientene i porteføljen. Selv om nemnda ikke anser det som den mest nærliggende tolkningen av konkurransegrunnlaget, er det mulig å argumentere for at en transaksjon i en slik modell ikke er «*gjennomført*» før fordelingen ved handelsdagens slutt.

- (34) Klagenemnda finner at partenes uenighet knyttet til risikoen for «backtrading» i valgte leverandørs tilbud, underbygger nemndas oppfatning av at konkurransegrunnlagets regulering av rapporteringsplikten er uklar. Innklagedes henvisning til at denne risikoen vil bli eliminert gjennom tett oppfølging av kontrakten med valgte leverandør, har nemnda ikke grunnlag for å betvile. Dette hindrer likevel ikke at en løsning med etterfølgende fordeling av dagens handler i utgangspunktet gir mulighet for å fordele gunstige posisjoner til prefererte klienter, og at dette har bidratt til klagerens forståelse av konkurransegrunnlagets rapporteringsplikter.
- (35) Foranlediget av partenes prosesskrifter bemerker klagenemnda også at de EU/EØS-rettslige rapporteringskravene for konsesjonspliktige forvaltere, som partene forstår på forskjellig måte, ikke kan ha avgjørende betydning for tolkningen av konkurransegrunnlaget. Det er på det rene at valgte leverandør ikke er konsesjonspliktig i henhold til EU/EØS-regelverket. Selv om innklagede skulle ha rett i at de EU/EØS-rettslige rapporteringsforpliktelsene for konsesjonspliktige forvaltere ikke krever rapportering av enkelthandler ved porteføljevaltning, kan ikke nemnda se at dette er av betydning for tolkningen av konkurransegrunnlaget i vår sak.
- (36) På denne bakgrunn er klagenemnda av den oppfatning at konkurransegrunnlaget ikke er utformet på en slik måte at det var mulig for alle rimelig opplyste og normalt påpasselige leverandører å forstå kravet til rapporteringsplikt på samme måte. Innklagedes egen forståelse avviker fra den forståelsen som etter nemndas syn er den mest nærliggende ut fra ordlyden og den indre sammenhengen i konkurransegrunnlaget.
- (37) Slik saken er opplyst, kan det ikke utelukkes at denne uklarheten har hatt betydning for utfallet av konkurransen. Feilen kan dermed ikke rettes på en annen måte enn ved å avlyse konkurransen, hvilket også gir grunnlag for tilbakebetaling av klagegebyret, jf. klagenemndsforordningen § 13.

Konklusjon:

Vestland fylkeskommune har brutt regelverket for offentlige anskaffelser ved å utforme et uklart konkurransegrunnlag.

For Klagenemnda for offentlige anskaffelser,

Halvard Haukeland Fredriksen

Dokumentet er godkjent elektronisk

Saknr: 2020/35998-1
Saksbehandlar: Jan Tore Rosenlund

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		14.02.2020

Endringar i selskapsavtale for Trivselshagen IKS - høyringsuttale

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine framlegg til endringar i Trivselshagen IKS sitt utkast til revidert selskapsavtale, jf. vedlegg 2

Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune har i lengre tid arbeidd med ein gjennomgang av selskapet Trivselshagen IKS. Målsettinga har vore å forbetre rutinar for samarbeidet og få ei meir rettvis fordeling av inntekter og utgifter. I dette arbeidet er revisjon av eksisterande selskapsavtale naudsynt. Det ligg no føre eit høyringsutkast frå selskapet. Fylkesrådmannen har framlegg til endringar til utkastet. Om fylkesutvalet sluttar seg til endringsframlegga vill høyringssvaret bli sendt og selskapet må utarbeide eit framlegg til ny selskapsavtale som blir forankra hjå eigarane. Dette vil så bli lagt fram for politisk handsaming og vedtak i fylkestinget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen
Fylkesdirektør organisasjon og
økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Selskapet sitt framlegg til ny selskapsavtale
- 2 Fylkesrådmannen sitt endringsframlegg til ny selskapsavtale

Saksutgreiing

1. Bakgrunn for saka / historikk

Trivselshagen IKS er eit interkommunalt eigedomsselskap, skipa 7. mars 2007. Selskapet har Vestland fylkeskommune og Gloppen kommune som eigarar og deltakarar med lik ansvars- og eigardel, dvs. 50 % kvar.

Dei to leigetakarane, kommunen og fylkeskommunen, har tilnærma identiske leigeavtaler med selskapet, med unnatak av varigheit. Fylkeskommunen sin avtale gjekk ut 1. august 2018 og vart då automatisk forlenga for nye 5 år til 2023. Gloppen kommune sin avtale går ut 1. august 2038. Gjennom desse avtalane er utgiftene fordelt med 64% på kommunen og 36% på fylkeskommunen.

Selskapet forvaltar i dag om lag 14.500 m² bygningsmasse som inneheld Trivselshagen Bad og Idrett (inkl. Firdahallen) og Trivselshagen Skule og Kultur. Anlegget har ein investeringsverdi på om lag 300 mill. kr. I 2018 sysselsette selskapet 12 årsverk, herav fleire deltidsstillingar.

Sidan etableringa av selskapet har fylkesrådmannen erfart uklare tilhøve knytt til ansvarsdeling i drifta av Trivselshagen IKS. I eigarmøte 16. april 2018 vart eigarane samde om ein gjennomgang av selskapet for å sjå om det er aktuelt å gjere endringar.

Saka var og handsama av fylkesutvalet, jf. vedtak i sak 37/18 den 16.04.18 (pkt. 5, 3. kulepunkt):

« Fylkesutvalet ynskjer at representantskapen ber om at ny organisasjonsform vert utgreia »

Styret handsama saka 27. august 2018 og engasjerte Vidsyn Rådgivning AS til dette arbeidet. Vidsyn Rådgivning AS la fram rapport på arbeidet 01.12.18.

Rapporten startar med å skildre det formelle grunnlaget for Trivselshagen IKS. Det er punkt i selskapsavtalen som ikkje er på plass, og det vert tilrådd konkrete tiltak for å rette opp dette. Vidare er rollar og organisasjonskultur kartlagt. Rapporten gir tilrådingar om systemendringar, men òg tiltak for å stimulere til betre samarbeid og gode prosessar. Den peikar på det viktige skilje mellom eigarutøving og drift. Også gjennomgangen av økonomi og tenester, med vurdering av m.a. kostnads- og inntektsfordelinga, viser fleire døme på avvik frå det som var intensjonen. Tilrådinga er å rydde i dette slik at kostnads- og inntektssida ved innhald og tenester følger kvarandre.

Rapporten beskriv og handlingsrommet og alternative styringsformer, men oppsummert vert det tilrådd å halde fram med IKS'et, under føresetnad av at systemavvik vert retta opp. Den gir meir enn tjue konkrete tilrådingar på deltema. Dei viktigaste er:

- Etablere gode prosessar og møteplassar for samarbeid
- Fordele inntektene frå utleige av fellesareala
- Få samsvar mellom driftskostnader og -inntekter
- Overføre ei rad driftsoppgåver til kommunen og soleis føre selskapet attende til å bli eit reint eigedomsselskap.

Rapporten er klar på at styret og eigarane må ta tak og «rette opp skuta». Om ein ikkje lukkast med dette, vert det tilrådd å tre ut av IKS'et og la eigarane ta med sin del av buet.

Ein konsekvens av ei slik løysing vil altså vere at IKS'et må oppløysast. Det vil i så fall vere naturleg at kommunen tek idrettsbygget (kommunal grunn) og fylkeskommunen kulturbygget (fylkeskommunal grunn) og at ein leiger areal hjå kvarandre gjennom gjensidige avtalar.

Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane meinte rapporten stadfesta at det er ei skeivfordeling i høve fordeling av driftskostnader og -inntekter, samt aktivitet og utleige av fellesareal. Dette var og ein del av grunngevinga frå fylkeskommunen for å ta opp spørsmålet om dagens organisering er hensiktsmessig eller om ein bør søke nye løysingar.

Etter ei samla vurdering tilrådde fylkesrådmannen at alternative modellar til dagens IKS vart utgreia og vurdert.

Fylkesrådmannen la rapporten fram for fylkesutvalet den 06.03.19 i sak 10/19.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjorde då slikt vedtak i saka:

1. *Fylkesutvalet viser til vedlagde rapport av 1. desember 2018 frå Vidsyn Rådgivning AS og tek denne til orientering.*
2. *Fylkesutvalet føreset at systemavvik vert retta opp og tilrådde tiltak i rapporten sett i verk, herunder at selskapet får på plass eit system som fordelar inntekter og utgifter på ein rettviss måte i samsvar med intensjonen. Styret får frist for å gjennomføre tiltaka i rapporten til 15. august 2019.*
3. *Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut alternative organisasjonsmodellar, primært knytt til å dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtar med kvarandre. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, i budsjett rapporten pr. 1. tertial 2019, kome med framlegg til finansiering av utgreiingsarbeidet - dersom dette viser seg naudsynt.*

For å støtte fylkesrådmannen i arbeidet med å greie ut alternative organisasjonsmodellar (jf pkt 3) vart PwC engasjert og dei la fram rapporten sin 29.mai 2019.

Rapporten til PwC peikar på fleire avklaringar omkring det juridiske grunnlaget, skatt og meirverdiavgift som vi må avklare dersom selskapet skal oppløysast. Overfor dei tilsette vil ei ev. oppløysing av Trivselshagen IKS, med overføring til kommunen og fylkeskommunen, bli vurdert som ei verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova. Det klare utgangspunktet ved verksemdsoverdraging er at dei tilsette sine rettar og plikter som følgjer av arbeidsavtalen eller arbeidsforholdet elles, skal overførast til ny arbeidsgjevar.

PwC har og sett nærare på dei økonomiske konsekvensane av ei oppløysing av selskapet, med utgangspunkt i budsjett for Trivselshagen IKS 2019 og utrekningane frå selskapet. Det er likevel usikkerheit knytt til dette, då det ikkje har vore sett på dei enkelte kostnadane i detalj. Det er og viktig å ta med i vurderinga at fleire av utgiftene i budsjettet truleg ikkje vil påløpe i same form og storleik etter ei ev. oppløysing.

Berekningane til PwC viser at fylkeskommunen på det lågaste estimatet vil få om lag 700.000,- kr i årleg reduksjon og for det høgaste estimatet om lag 1.800.000,- kr i årleg kostnadsreduksjon.

Når det gjeld verdier og fordeling av desse, er det t.d. vanskeleg å vurdere marknadsverdien av bygga, då framtidige inntekter og driftskostnader vil kunne påverke reell verdi.

Både rapporten frå Vidsyn Rådgivning og rapporten frå PwC stadfesta at det i dag er ei skeivfordeling i høve fordeling av driftskostnader og -inntekter, samt aktivitet og utleige av fellesareal.

Fylkesrådmannen la arbeidet fram for fylkesutvalet den 19.06.19 i sak 63/19.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjorde slikt vedtak i saka:

1. *Fylkesrådmannen får fullmakt til å tinge med Gloppen kommune om ein alternativ organisasjonsmodell med sikte på å oppløyse selskapet, dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtar.*
2. *Fylkesutvalet legg til grunn at styret i selskapet fortset sitt arbeid med å gjennomføre tilrådde tiltak i rapport frå Vidsyn Rådgjeving AS av 1. desember 2018 med frist til 15. august 2019.*
3. *Kostnader til utgreiingsarbeidet og bistand i forhandlingsprosessen vert å innarbeide i budsjett rapport pr. 2. tertial 2019.*

Endring av selskapsavtalen – vurderingar og verknader

Etter dette vedtaket har det både vore eigarmøte, møte i representantskapet og styremøte. Styret i Trivselshagen IKS gjorde i møte 29.10.2019 vedtak om å sende framlegg til endringar i selskapsavtala til Representantskapet som handsama saka i ekstraordinært møte 21.11.2019, sak 12/19, med slikt vedtak:

Representantskapet sender styret sitt utkast til selskapsavtale på høyring til eigarane. Høyringsuttale frå Gloppen kommune skal ligge ved. Frist for høyrings svar vert sett til 17. januar. Vedtaket var samrøystes.

Vi fekk 26.11.19 brev frå selskapet med nemnde høyringsfrist. Fylkesrådmannen har orientert selskapet om at denne saka vert lagt fram for fylkesutvalet og at Vestland fylkeskommune sin uttale kjem etter fristen.

Fylkesrådmannen har gått gjennom selskapet sitt utkast (jf vedlegg 1) og har nokre endringsframlegg:

§4 Innskot

Fylkesrådmannen gjer framlegg om at det vert presisert at eigarane skal inngå festeavtalar til grunn bygningane i dag står på. På denne måten sikrar ein at selskapet har bruksretten til eigedommen. Vidare er det presisert at selskapet ikkje skal betale festeavgift.

§6 Driftskostnader og driftsinntekter

Det er viktig at bruk og ev. framleige ut over ordinær opningstid eller ordinær bruk skal avtalast særskilt. Det er vidare presisert at selskapet ikkje skal ha ekstra kostnader for slike arrangement, dvs at ev. ekstra kostnader må berast av den aktuelle leigetakar.

Detaljane omkring kva som ligg i omgrepa «ordinær opningstid» og «ordinær bruk» må regulerast i leigeavtalane med leigetakarane.

§7 Representantskapet

Fylkesrådmannen har her føreslege at fylkeskommunen skal ha leiar og nestleiar i dei periodar kommunen har leiar og nestleiar i styret. Tilsvarande skal kommunen ha leiar og nestleiar når fylkeskommunen har leiar og nestleiar i styret. Leiar og nestleiar vert valde for to år om gongen.

§10 Styret

Tilsvarande justering som for representantskapet er foreslege for styret når det gjeld val og deling av leiarverv

§13 Utgang

Fylkesrådmannen foresler å stryke at frist for utgang tidlegast kan skje 10 år etter selskapet er skipa. Dette då selskapet allereie er eldre enn 10 år og det såleis ikkje er relevant.

Ut over nemnde merknader vil fylkesrådmannen tilrå at vi sluttar oss til framlegget frå styret i selskapet.

Nye drifts- og leigeavtalar

Når ny selskapsavtale er etablert legg fylkesrådmannen til grunn at det skal utarbeidast nye drifts- og leigeavtalar med grunnlag i selskapsavtalen. Leigeavtalane må og fylgje opp tilrådingar for å få ei rettvis fordeling av kostnader og inntekter slik det er peika på i fleire utgreiingar. Selskapet har lagt fram nye utkast til slike avtalar og lagt dei fram for representantskapet.

Representantskapet handsama saka om nye drifts- og leigeavtalar i det ekstraordinære møte 21.11.2019, sak 13/19, med slikt vedtak:

«Representantskapet sender saka tilbake til styret. Representantskapet foreset at leigetakarane medverkar i det vidare arbeid med å ferdigstille avtalene. Vedtaket var samrøystes»

Fylkesrådmannen er innstilt på å medverke til dette arbeidet så snart selskapsavtalen er revidert.

Vedtakskompetanse

Saka gjeld ei høyringsuttale, der fylkesutvalet har avgjerdsmynde.

Økonomi:

Fylkesrådmannen ser det som viktig å få retta skeivfordelinga i høve fordeling av driftskostnader og -inntekter. Dette vil medføre reduserte driftskostnader for fylkeskommunen. Detaljane i dette vil bli avklart i samband med tingingane omkring nye drifts- og leigeavtalar med selskapet. Den reviderte selskapsavtalen vil legge grunnlag for dette.

Klima:

Ikkje relevant

Regional planstrategi:

Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser det som viktig at selskapsavtalen vert endra og retta opp slik det no er teke initiativ til frå selskapet. Den andre parten, Gloppen kommune, har utarbeidd eit eige høyringsframlegg som er oversendt selskapet. Høyringsframlegget til kommunen skil seg på fleire punkt frå det fylkesrådmannen har gitt uttrykk for i denne saka. Det skal no arbeidast vidare med eit endeleg utkast på bakgrunn av innspela. Målsettinga er å få presentert eit framlegg til ny selskapsavtale for politisk handsaming og vedtak hjå begge eigarane.

Om det ikkje vert semje om ny selskapsavtale og nye drifts- og leigeavtalar, tek fylkesrådmannen sikte på å legge fram ei sak der fylkeskommunen trer ut av IKS'et, eigarane tek med seg sin del av buet og det vert oppretta gjensidige leigeavtalar med kvarandre.

Saksprotokoll i 14.02.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine framlegg til endringar i Trivselshagen IKS sitt utkast til revidert selskapsavtale, jf. vedlegg 2.

SELSKAPSAVTALE FOR THEIGEDOM IKS

§ 1 Selskapet

THEIGEDOM IKS er eit interkommunalt selskap oppretta med heimel i Lov om interkommunale selskap av 29.01.1999.

Selskapet har følgjande deltakarar:

Vestland fylkeskommune
Gloppen kommune

§ 2 Hovudkontor

Selskapet sitt hovudkontor skal vere i Gloppen kommune.

§ 3 Føremål

Selskapet sitt føremål er å eige og drive eit felles anlegg for å sikre Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane.

§ 4 Innskotsplikt

Deltakarane har gjort innskot i selskapet i kontante midlar i samsvar med tidlegare selskapsavtala(r).

Deltakarane er samde om at bygningsmassen som går inn i selskapets drift og ansvar (Trivselshagen bad & idrett + Trivselshagen skule & kultur) vert eigd av selskapet. Dette gjeld også den gamle Firdahallen.

Bygningsmassen til selskapet strekkjer seg over fleire ulike eigedomar som deltakarane eig/disponerer. Deltakarane har som mål å formalisera selskapet sine rettar til dei aktuelle eigedomane, anten ved å inngå festeavtalar og/eller framfeste-avtalar eller ved å dele frå og skøyta over grunnen til selskapet. Deltakarane skal samarbeida for å gjennomføra dette.

§ 5 Eigardel og ansvarsdel

Deltakarane sin eigardel er slik:

Vestland fylkeskommune:	50 %
Gloppen kommune	50 %

Deltakarane sin ansvarsdel er lik eigardel.

§ 6 Driftskostnader og driftsinntekter

Det skal inngåast avtalar mellom selskapet og deltakarane om bruken av areala og fordeling av årlege driftskostnader, dvs. kapitalkostnader, drift, vedlikehald m.v. i samsvar med årleg bruksomfang. Lov om rekneskap ligg til grunn for rekneskapsføringa i selskapet.

Driftsinntektene går til selskapet dersom ikkje anna vert avtala med deltakarane.

§ 7 Representantskapet

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ og skal ha fire medlemmer med personlege varamedlemmer.

Gloppen kommune ved kommunestyret vel to medlemmer og fylkeskommunen ved fylkestinget vel to medlemmer. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.

Valet følgjer den kommunale valperioden. Ved fyrste gongs val vert medlemene valde for resten av valperioden.

Kvar deltakar har røysterett i forhold til sin eigardel i selskapet.

§ 8 Møte i representantskapet

Ordinære representantskapsmøte skal haldast innan 1. mai. (vårmøtet) og 1. oktober (haustmøtet), og skal behandle:

Vårmøtet:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val til styret
- Val av leiar og nestleiar i styret
- Val av revisor

Hauptmøtet:

- Budsjet
- Økonomiplan

I tillegg til ovannemnde kan det på representantskapsmøta behandlast følgjande saker:

- Andre saker som styret ynskjer å legge fram for representantskapet
- Andre saker som etter lov om interkommunale selskap skal avgjerast av representantskapet

Utskrift av møtebok i representantskapet skal sendast deltakarane.

§ 9 Valkomit 

Ansvar

Valkomiteen har ansvar for   gje representantskapet ei skriftleg og grunngjeven innstilling til val av styremedlemmer og kva rollar desse b r ha. Valkomiteen skal normalt ogs  munnleg gjera greie for si innstilling i m te i representantskapet der val av styremedlemmer skal skje. Representantskapet kan fastsetja ein eigen instruks for arbeidet til valkomiteen.

Samansetnad og val

Selskapet skal ha ein valkomit  som best r av tre medlemmar.

Representantskapet vel ein leiar og medlemmer til valkomiteen, og fastset komiteens godtgjersle.

Valkomiteen vert valt for to  r om gongen.

§ 10 Styret

Ansvar

Forvaltninga av selskapet h yrer inn under styret, som har ansvaret for ein tilfredstillande organisering av selskapet si verksemd. Styret skal sj  til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt f rem l, selskapsavtalen, selskapet sitt  rsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer som vert fastsett av representantskapet. Styret skal f re tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.

Samansetnad og val

Styret skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer.

Styret med leiar og nestleiar vert vald av representantskapet for to  r om gongen.

Dagleg leiar eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer i styret.

Eventuell godtgjering til styremedlem og deira varamedlem vert fastset av representantskapet og utbetalt fr  selskapet.

Representasjon

Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar rett til   teikne selskapet, eller gjere vedtak om at slik teikningsrett m  ut vast i fellesskap av dei som f r teikningsretten.

§ 11 Dagleg leiar

Selskapet skal ha dagleg leiar som skal tilsetjast av styret. Dagleg leiar har ansvaret for den daglege leiinga av selskapet og skal f lgje dei retningslinjer og p legg som styret og representantskapet gjev.

§ 12 Låneopptak

Selskapet kan ta opp lån til kapitalformål med ei samla råde på 125,5 mill.kr ved vedtak av representantskapet. Endring av denne råde krev vedtak av deltakarane. Departementet skal godkjenne låneopptaket.

§ 13 Utgang

Ein deltakar kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av selskapet. Slik utgang kan likevel skje tidlegast 10 år etter at selskapet er skipa.

Utgang kan berre skje pr. 31.12 og tidlegast eit år etter det skriftlege varselet. Utløysingssummen skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp. Utløysingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sitt innskot. Selskapet skal seinast betala utløysingssummen innan 1 år etter utgangen.

§ 14 Tilhøve til Lov om interkommunale selskaper

I tillegg til selskapsavtalen gjeld den til ei kvar tid gjeldene lovgjeving om interkommunale selskap.

§ 15 Ikrafttreding

Selskapsavtalen trer i kraft når den er vedteken av alle eigarane.

SELSKAPSAVTALE FOR THEIGEDOM IKS

§ 1 Selskapet

Theigedom IKS er eit interkommunalt selskap oppretta med heimel i Lov om interkommunale selskap av 29.01.1999.

Selskapet har følgjande deltakarar:

- Vestland fylkeskommune
- Gloppen kommune

§ 2 Hovudkontor

Selskapet sitt hovudkontor skal vere i Gloppen kommune.

§ 3 Føremål

Selskapet sitt føremål er å eige og drive eit felles anlegg for å sikre Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å tilby skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v.

§ 4 Innskot

Deltakarane har gjort innskot i selskapet i kontante midlar i samsvar med tidlegare selskapsavtala(r). Deltakarane er samde om at bygningsmassen som går inn i selskapets drift og ansvar (Trivselshagen bad & idrett + Trivselshagen skule & kultur) vert eigd av selskapet.

I tillegg til kontantinnskotet har fylkeskommunen overført Firdahallen til selskapet.

Bygningsmassen til selskapet strekkjer seg over fleire ulike eigedomar som deltakarane eig/disponerer. **Deltakarane skal inngå festavtalar til grunn bygningane står på. Selskapet skal ikkje betale festeavgift.**

§ 5 Eigardel og ansvarsdel

Deltakarane sin eigardel er slik:

- Vestland fylkeskommune: 50 %
- Gloppen kommune: 50 %

Deltakarane sin ansvarsdel er lik eigardel.

§ 6 Driftskostnader og driftsinntekter

Det skal inngåast avtalar mellom selskapet og deltakarane om bruken av areala og fordeling av årlege driftskostnader, dvs. kapitalkostnader, drift, vedlikehald m.v. i samsvar med årleg bruksomfang og innafor ordinær opningstid. Lov om rekneskap ligg til grunn for rekneskapsføringa i selskapet.

Eventuelle arrangement og framleige ut over ordinær opningstid eller ordinær bruk skal avtalast særskilt. Selskapet skal ikkje bære ekstra kostnader for slike arrangement.

Driftsinntektene går til selskapet dersom ikkje anna vert avtala med deltakarane.

§ 7 Representantskapet

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ og skal ha fire medlemmer med personlege varamedlemer. Gloppen kommune ved kommunestyret vel to medlemmer og fylkeskommunen ved fylkestinget vel to medlemmer.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Fylkeskommunen skal ha leiar og nestleiar i dei periodar kommunen har leiar og nestleiar i styret, jf §10. Tilsvarande skal kommunen ha leiar og nestleiar når fylkeskommunen har leiar og nestleiar i styret. Leiar og nestleiar vert valde for to år om gongen.

Kvar deltakar har røysterett i forhold til sin eigardel i selskapet.

§ 8 Møte i representantskapet

Ordinære representantskapsmøte skal haldast innan 1. mai. (vårmøtet) og 1. oktober (haustmøtet), og skal behandle:

Vårmøtet:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val til styret
- Val av leiar og nestleiar i styret
- Val av revisor

Hauptmøtet:

- Budsjett
- Økonomiplan

I tillegg til ovannemnde kan det på representantskapsmøta behandlast følgjande saker:

- Andre saker som styret ynskjer å legge fram for representantskapet
- Andre saker som etter lov om interkommunale selskap skal avgjerast av representantskapet

Utskrift av møtebok i representantskapet skal sendast deltakarane.

§ 9 Valkomit 

Ansvar

Valkomiteen har ansvar for   gje representantskapet ei skriftleg og grunngeven innstilling til val av styremedlemmer og kva rollar desse b r ha. Valkomiteen skal normalt ogs  munnleg gjera greie for si innstilling i m te i representantskapet der val av styremedlemmer skal skje. Representantskapet kan fastsetja ein eigen instruks for arbeidet til valkomiteen.

Samansetnad og val

Selskapet skal ha ein valkomit  som best r av tre medlemmar. Representantskapet vel ein leiar og medlemmer til valkomiteen, og fastset komiteens eventuelle godtgjersle. Valkomiteen vert valt for to  r om gongen.

§ 10 Styret

Ansvar

Forvaltninga av selskapet h yrer inn under styret, som har ansvaret for ein tilfredstillande organisering av selskapet si verksemd. Styret skal sj  til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt f rem l, selskapsavtalen, selskapet sitt  rsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer som vert fastsett av representantskapet. Styret skal f re tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.

Samansetnad og val

Styret skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Styret med leiar og nestleiar vert vald av representantskapet for to  r om gongen. **Fylkeskommunen skal ha leiar og nestleiar i dei periodar kommunen har leiar og nestleiar i representantskapet, jf §7. Tilsvarande skal kommunen ha leiar og nestleiar n r fylkeskommunen har leiar og nestleiar i representantskapet.**

Dagleg leiar eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer i styret. Eventuell godtgjering til styremedlem og deira varamedlem vert fastset av representantskapet og utbetalt fr  selskapet.

Representasjon

Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar rett til   teikne selskapet, eller gjere vedtak om at slik teikningsrett m  ut vast i fellesskap av dei som f r teikningsretten.

§ 11 Dagleg leiar

Selskapet skal ha dagleg leiar som skal tilsetjast av styret. Dagleg leiar har ansvaret for den daglege leiinga av selskapet og skal f lgje dei retningslinjer og p legg som styret og representantskapet gjev.

§ 12 Låneopptak

Selskapet kan ta opp lån til kapitalføremål med ei samla ramme på 125,5 mill. kr. Selskapet kan ikkje ta opp nye lån utan at dette er godkjent av begge eigarane.

§ 13 Utgang

Ein deltakar kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av selskapet. Utgang kan berre skje pr. 31.12 og tidlegast eit år etter det skriftlege varselet. Utløysingssummen skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp. Utløysingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sitt innskot. Selskapet skal seinast betala utløysingssummen innan 1 år etter utgangen.

§ 14 Tilhøve til Lov om interkommunale selskaper

I tillegg til selskapsavtalen gjeld den til ei kvar tid gjeldene lovgjeving om interkommunale selskap.

§ 15 Ikrafttreding

Selskapsavtalen trer i kraft når den er vedteken av alle eigarane.

Fra: Anne-Karin Femanger Pettersen (fkt@fkt.no)

Sendt: 28.02.2020 09:11:57

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon februar 2020

Vedlegg:



Til FKTs medlemmer

Nye medlemmer

FKT hadde 206 medlemmer pr 31.12. 2019, men over natten reduserte kommunereformen medlemstallet til 156. Derfor er det spesielt hyggelig å ønske «velkommen tilbake» til de nye kommunene som har meldt seg inn igjen: Moss, Stad, Kinn, Sunnfjord, Namsos, Bjørnafjorden, Orkland, Molde, samt fylkeskommunene Troms og Finnmark, Vestfold og Telemark og Vestland. Vi har også fått et helt nytt medlem: Kontrollutvalgets sekretariat Trondheim kommune.

Vi satser på å fortsette rekrutteringen utover våren.

Bruk hjemmesiden vår! www.fkt.no Her kan du nå blant annet lese Kommunal- og moderniseringsdepartementets tolkning av regelverket som gjelder for valg av varamedlemmer til kontrollutvalget. Følg oss også på [twitter](#) og [facebook](#)

De av dere som ønsker [tilgang til medlemssidene](#) kan sende en e-post til fkt@fkt.no for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer.

Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.

Vårens kurs og konferansetilbud



Ikke glem å melde deg på [Fagkonferansen 2020](#) – Gardermoen 3.-4. juni, Quality Airport Hotel Gardermoen. Du kan melde deg på [her](#).

Vi håper på stor oppslutning! Du kan lese alt om konferansen på våre hjemmesider.

Vi minner også om [sekretariatskonferansen 2020](#) | Scandic Lillestrøm 24.-25.mars. Det er fortsatt plasser ledig. Du kan melde deg på [her](#)

I år starter vi opp den helt nye [kontrollutvalgslederskolen](#) | 21.-22. april. Det har vært stor pågang, og til glede for FKT ble kurset fullbooket før påmeldingsfristen.

Vi vil vurdere å arrangere nytt kurs til høsten hvis det er interesse for det.

Veiledere for kontrollutvalg og sekretariat

FKT har utarbeidet flere veiledere til hjelp for kontrollutvalg og sekretariat i det daglige virke. Du finner alt om det [her](#), blant annet *veileder om kontrollutvalgets påse-ansvar overfor regnskapsrevisor og veileder*

for samhandlingen mellom kontrollutvalg og sekretariat.

Vi har også en arbeidsgruppe i gang som skal utarbeide en mal for innhold og format på kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen.

I 2019 fikk FKT tildelt et oppdrag fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å utarbeide en veileder for samordning mellom statlig tilsyn og kommunal egenkontroll. Departementet vil utgi veilederen i løpet av våren sammen med en ny utgave av Kontrollutvalgsboken.

Styret



Protokollen fra styremøte 28.januar er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging).

I oktober i fjor startet styret arbeidet med å oppdatere FKT forretningsplan. Dette arbeidet fortsetter utover våren. Målet er å få til aktiviteter som skaper blest om verdien av egenkontroll, og derigjennom om verdien og betydningen av FKT.

Styret er også godt i gang med å planlegge årsmøtet 2020. Du kan lese mer om det [her](#)

For fjerde år på rad vil FKT v/styret være tilstede under [Arendalsuka](#) - «Norges største politiske møteplass».

2019 var første året FKT hadde et eget arrangement. Nå er styret godt i gang med å planlegge årets arrangement. Mer informasjon om tema og deltakere kommer i neste nyhetsbrev.

Lykke til med det viktige arbeidet i kontrollutvalget!

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: fkt@fkt.no | Tlf.: 41471166

| www.fkt.no | [@FKT_no](https://twitter.com/FKT_no) | www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat